

# Målmannen

## A.O. Vinje

Av Vetle Vislie

Dei vilde stengja folket inn  
som fe i gamle baasen sin;  
men utanfor laag verdi vid  
so fager og so fri.

Dei vilde, at den norske mann,  
han skulde skjemmast for sitt land  
og ræddast fælt for svenskens staal  
og laana danskens maal.

Vaar "Døl", han var eit svar aat deim,  
som ikkje vyrda vil vår heim,  
eit svar fraa fjell og dal og fjord  
av sterke, frie ord.

Me vil ei bøygja ryggen vaar  
til husmanns-stræv og husmanns-kaar, me  
raada vil vaar eigen grunn,  
ja, og vaar eigen munn!

Og desse ord oss manar no  
til strid for det, han gav sitt blod.  
Hans tale somd et norske flagg  
oss verna skal i dag!

*Hyllingskvede til A.O. Vinje, utgjeve av Nor-  
rønlaget Bragr i 1968.*

## Målmannen på radio

Fredag 27. januar vart tvo av aktivistane attum Målmannen intervjuva i radioprogrammet "Sånn er livet". Olav Torheim og Lars-Toralf Storstrand byrja med å gjera greida for sume av prinsippi som ligg attum utformingi av det høgnorske målet, dinæst vart det sett fokus på dei negative fylgjone det hev havt når statleg målpolitikk førde nynorsken burt frå desse prinsippi. Det vart dessutan peika på dei vandemåli den organiserte målrørsla, representert ved Noregs Mållag, hev med å forma ut nye strategiar som høver for vår tid. Til slutt fekk lydarane høyra eit intervju med Ottar Grepstad, direktør for Nynorsk Kultursentrum, som åtvare målfolket mot å ikkje taka innspeli frå høgnorskfolket på ålvor. Høgnorskørsla høyrer med til målrørsla, slo Grepstad fast.

I tidi etter intervjuet hev mange ringt inn og meldt interesse for bladet, og av desse er ikkje so reint fæe bokmålsfolk. Dei fortel at dei til dagleg skriv bokmål eller riksmål, men hev godhug

for den klassiske nynorsken, høgnorsken. At det fanst eit organ som framleides arbeide for å fremja dette målet kjende dei ikkje til.

Me i Målmannen-redaksjonen ser ingen grunn til å tvila på vitnemåli frå dei nemnde bokmålsbrukarane. Mange kunde vinnast for målreisingi um berre målrørsla var meir interessert i å setja seg inn i korleides bokmålsbrukarane tenkjer, i staden for å berre stå på sitt.

At mange som hev godhug for den klassiske nynorsken ikkje hev høyrert um Målmannen er leidt, men røynt. Me hev ikkje tilgang på dei same økonomiske ressursane som Noregs Mållag eller andre nynorskinstitusjonar. Den beste marknadsføringi for Målmannen er det difor lesarane sjølve som lyt stå for. Fortel ein ven um Målmannen og heimesidone våre på internet (<http://maalmannen.sambandet.no>). Og er han interessert so meld frå til bladstyret. Me sender prøvenummer ut fritt.

### I dette nummeret:

Olav Torheim:	Høgnorsk på fem minutt?	s. 2
Lars Bjarne Marøy:	Leidar	s. 3
Kjell Venås:	Noam Chomsky og generativ grammatikk	s. 4
Rachel Suissa:	På jakt etter det fyrste alfabetet	s. 11
Lars-Toralf Storstrand:	Hamas - den islamske motstandsørsla	s. 16
Krokvik/Hovden:	"Dikt avlar rosor"	s. 19
Lars-Toralf Storstrand:	Nye ord - eit spursmål um liv og söl	s. 20

## Høgnorsk på fem minutt?

### - Ei innføring til gledja for nye lesarar

Av Olav Torheim

I siste halvdel av 90-talet hadde Norsk Språkråd lagt ut den informative netsida "Nynorsk på fem minutt", ei grunnleggjande innføring i nynorskt mål for nynæmingar.

Fem minutt er kann henda nok til å setja seg inn i nokre av dei grunnleggjande prinsippa som skil nynorsk frå bokmål, men diverre er det slik at med dei fylgjebroti og serreglane som hev kome inn i nynorsken i 1917, 1938 og 1959 er det mange som ikkje ein gong greider å læra seg korrekt nynorsk etter eit heilt liv som aktiv nynorskbrukar.

Det klåre og greide alternativet til dagsens "moderne nynorsk" er det målet me kallar for høgnorsk. Ein finn det ikkje i ordlistone frå Det Norske Samlaget, men det er eit mål som hev vorte nytta i trass mot offisiell norsk rettskriving heilt sidan 1938. Olav H. Hauge sagde at han hørde dei kalla målet hans for høgnorsk, og det tok han som ei æra.

Offisiell nynorsk vart fyrste gongen skriftfest i 1901. Sidan var det rettskrivingsbrigde i 1910, 1917 og 1938. Fram til då kunde ein skriva høgnorsk innanfor den statlege rettskrivingi.

I dag kann me skilja millom høgnorsk på den eine sida og høgnorskknær (tradisjonalistisk) nynorsk på hi sida. I ordlistone finn me i-mål og linne hokynsord kamouflera i innleidingi til Nynorsk ordlista, men derimot ikkje former som um, upp og burt.

Grunndragi i høgnorsken er dei same som i Aasen-normalen, med sume ortografiske brigde. Viktugast er kann henda burtfallet av daude t'ar i presens partisipp (gravet, fenget) og a-ending for alle tider a-gjerningsord (kasta - kastar - kasta - kasta mot Aasens kasta - kastar - kastade - kastat).

#### Vitskapeleg oppbygt målmyenster

Det vert ofta nytta som eit argument mot nynorsken at han er eit "konstruert språk". Dette argumentet kann ein like godt snu til å vera eit argument for nynorsk. Det høgnorske målet hev eit vitskapeleg oppbygt målmyenster. Med alle dei undantaki og serreglane som gjeld i nynorsk i dag, lyt ein stødt slå upp i ordlista for å finna ut kva som er korrekt nynorsk. Dei einfelde prinsippa attum høgnorsken gjer at målføringi kjem intuitivt. Ein treng ikkje vera filolog for å skriva. Ein kann til dømes lesa Bibelen frå 1938 og læra seg høgnorsk på den

måten.

Eit sentralt prinsipp i høgnorsken er samanhengslovi, som segjer at når eit ord skal bøygjast, skal roti åt ordet vera med i alle bøygningsformene. Til dømes so heiter det å *segja*, *sagde* og *hev sagt*. G'en gjeng att i alle ledd og syner samanhengen til andre ord som er utleide or same rot, som *segn* og *soga*.

Samstundes som målet syner samanhengen millom ordi, skil det samstundes dei ulike ordi frå einannan. Prinsippet kallar me ordskilnadslovi. Til dømes vert ordi *kol* og *kål* skrivne ulikt, jamvel um dei vert uttala likt.

#### Etymologisk normering

Høgnorsken er ikkje ortofon, men legg etymologiske prinsipp til grunn for rettskrivingi. Når det t.d. heitte *gard*, *bord*, *skard* og *urd* på gamalnorsk, so skal d'en vera med i dagsens nynorsk og, jamvel um han ikkje vert uttala lenger (men hev vorte til r åleine eller tjukk l i målføri). Den etymologiske rettskrivingi gjev soleides ikkje berre samband attende til norrønt, ho oppfyller og prinsippet hans Ivar Aasen um at skilje som fanst i målføri skulde spegla seg att i skrift ("Der målføri skil, skal òg skriftmålet skilja"). Takk vere Aasens typeformprinsipp kann dialektord få ei standardisert form og takast upp i det nynorske målet.

#### Vokaltriklang

Det høgnorske i-målet hev vokaltriklang i hokynsord med a/i/o. Td tidi/tider og sida/sidor. Bokmålet hev berre e (tiden/tider og siden/sider). Dette gjer høgnorsken fargerik og vakker. "Selve sproget er jo musikk," sagde Edvard Grieg.

#### Purisme i ordval og segjemåte

Høgnorsken er puristisk. Ikkje berre i ordval, men i segjemåten med. Som Nikolaus Gjelsvik peika på i "Von og veg", ligg alle dei germanske måli under for latinen. Ein kann til dømes ta ein kva som helst slags norsk lovtekst og jamføra denne med teksti i den gamle gulatingslovi. Då ser ein sjølv at den norske målføringi er langt meir endefram og greid enn den "moderne".

#### Eit ryggstø for det norske i målføri

Dagsens nynorsk hev vorte eit løynt makt-språk som drep ned sernorske målmerke i målføri. Til dømes fører vantande kunnskap til at dei høgnorske i-formene

vert svivyrde samstundes som det naturlege skiljet millom sterke og linne hokynsord som finst i dei fleste målføri vert brote ned, og det utan at nokon gjev gaum på det. Folk på Sunnmøre tykkjer det er "unaturleg" å skriva "gjenta" og "boki" framfor "jenta" og "boka", men dei tenker ikkje yver at dei sjølv segjer "gjenta" og "bokja". Nordfjord er ein av dei få stadene på Vestlandet der dette vokalskiljet ikkje finst, men der vert det palatalisering av sterke hokynsord som sluttar på g eller k, som "bokja" (boki) eller "saja" (sagi). Dette er døme på målmerke som dagsens nynorsk hogg tvert yver.

I dag er det slik at bokmålet hev eit talemålsideal, medan nynorsken ikkje hev det. Bokmålsveldet i dag gjer slik at det kjennest "unaturleg" å nytta sernorske ord som foreldre og besteforeldre nyttar, men lett å taka etter tala og skrive bokmål, slik det ovrar seg i radio og fjerrisjå. Høgnorskfolk arbeider for at nynorsk skal verta normdanande, slik at nynorske ord og segjemåtar kann få fotfeste.

#### Framleides forviten?

Nokor innføring i høgnorsk på fem minutt vart nok ikkje dette stykket, helder fem minutt med motivasjon. Um du framleides er forviten etter meir informasjon um høgnorsken, finst det høveleg litteratur. Her kann eg millom anna nemna "Norsk Formlæra" og "Norsk Ordliste" av Lars Eskeland. Desse bøkene vart prenta uppatt av Norrønalaget Bragr på slutten av 90-talet. Formlæra finst ogso i netutgåva på <http://sambandet.no/grammatikk>. Andre bøker som ein vonleg kann få tak i antikvarisk er "Norsk grammatikk" av Leiv Heggstad og "Norsk-dansk ordbok" av Steinar Schøtt. Og gløym helder ikkje å lesa "Von og veg" av Nikolaus Gjelsvik.

Dei som vil høyra den norske målsoga fortald frå ein høgnorsk ståstad kann lesa "Norsk Målsoga" av Gustav Indrebø. Ein systematisk gjennomgang av dei endringane som riksmaktene hev gjort i nynorskrettskrivingi i det fyrre hundradåret kann ein finna i "Mål og vanmæle" av Jostein Krokvik. Til slutt kann eg nemna artikkelsamlingi "Kva er målreising?" av Gustav Indrebø. Ho tek upp dei viktigaste argumenti mot samnorskpolitikken andsynes nynorsken og kjem inn på meir grunnleggjande spursmål um kvifor driva målreising.

## Fleire låke sidor ved norsklæreplanen

Av Lars Bjarne Marøy

Me hev umtala den nye norsklæreplanen i vidaregåande skulen ved eit tidlegare høve, men det er meir å segja um denne planen. Det interessante med planen er at han kann tolkast svært ulikt. Det stend lite um kva konkrete mål som skal nåast, men di meir um ålmenne krav og ventnader. Den fyrre planen uttrykte ynskje um at elevane burde ha lese handfaste verk, men skreiv ikkje at desse verki skulde lesast. No vert det derimot sett krav til at elevane skal ha yversyner som i alle fall etter vårt syn krev at dei i praksis må ha lese mange sentrale verk, utan at det stend kva verk som skal lesast. Når planen er so rund som han er, kann det tolkast som alt frå at elevane skal lesa tjukke bøker til at dei skal ha kjennskap til ulike litterære former.

Den nye læreplanen krev at elevane skal: "gjøre rede for viktige utviklingslinjer og noen sentrale forfatterskap i norsk og europeisk litteratur fra middelalderen til og med romantikken og denne litteraturens forhold til øvrig europeisk kulturhistorie" (sida 46 Kunnskapsløftet, sept. 2005) og "gjøre rede for den modernistiske tradisjonen i norsk og internasjonal litteratur fra siste halvdel av 1800-tallet til i dag" (ibid. 47). Korleis skal undervisningi verta med utgangspunkt i desse måli?

Det interessante er kva som er sentrale forfatterskap i norsk og europeisk litteratur. Det kann det visseleg vera mange oppfatningar um, og det kann leggjast vinn på ulike bolkar frå denne perioden som er nokso lang. I norsk samanheng må hovudvekti naturleg nok kunna leggjast mot millomalderen for oss som ynskjer ei styrkjing av nynorsken. Den norrøne litteraturen finst under alle umstende på nynorsk. Men det er ikkje upplagt at det skal vera slik. I europeisk litteratur er det truleg andre forfatterskap som peikar seg ut, serleg må Shakespeare vera eit sers aktuelt namn i so måte. Det kann løna seg for målfolk å tenkja på og å draga fram europeiske forfatterskapar som er umsette til nynorsk.

Verre å tolka, men uråd å koma utanum,

## Epostlista for Målmannen-tingarar

Det segjer seg sjølv at eit blad med fire utgjevingar i året ikkje hev det same speleromet når det gjeld å fylgja opp og kommentera aktuelle hendingar. Dei fire årlege utgjevingane lyt fyrst og fremst gjeva bakgrunnsinformasjon og taka opp aktuelle emne ut frå ei meir fundamental og "tidlaus" tilnærming.

Men Målmannen ynskjer ogso å spela ei rolle i den dagsaktuelle målstriden. Pr i dag er internet det beste mediet til sovorne fyremål.

er det at det er nye krav til at elevane skal kunna nytta ulike tekstformer, sokalla samansette tekster. Slike tekster er definerte slik: "Hovedområdet sammensatte tekster viser til et utvidet tekstbegrep der tekst kan være satt sammen av skrift, lyd og bilder i et samlet uttrykk. Det innebærer arbeid med tekster som bildebøker, tegneserier, aviser, reklame, nettsider, sangtekster, film og teater. Hovedområdet omfatter både elevens egen tekstproduksjon og opplevelse, kritisk vurdering og analyse av sammensatte tekster." (side 38 - Kunnskapsløftet, sept. 2005). Det segjer seg sjølv at dette er ei formidabel oppgåva.

Serleg frå ein nynorsksynstad er vademåli store. Det må skaffast fram teikneseriar, biletbøker, reklame m.m. på nynorsk. Det er serleg ille at nynorsken ikkje hev gjenge inn som eit hovudspråk på DVD-filmar. Her hev islandsken kome lengre. Det må vera eit ufråvikeleg krav frå alle målfolk at det finst nynorskskiltbud på alle DVD-filmar som vert utgjevne for den norske marknaden, den oppgåva skulde vera yvercomeleg reint teknisk. Det finst målfolk som snøgt kann umsetja mange filmar, mykje lettare enn lære-bøker som skal ha nynorsk tekst. Det kann ikkje vera godtakande at eit so viktugt medium er heilt fritt for nynorsk.

Når det gjeld det mest handfaste og viktugaste - sjøve vurdering og eksamineringi av elevane i den vidaregåande skulen - er det underleg nok slik at nynorsken vert trekkfag til eksamen i tridjeklasse på ålmennfag, medan det skal gjevast skriftleg opplæring i nynorsk for yrkesfagelevane innanfor det som med den nye læreplanen vert kalla vg1 og vg2. Det kritiske her er at lærarane ikkje kann rekna med at elevane skal prøvast til eksamen i nynorsk. Det fører til at den einskilde læraren i praksis og i dei fleste høve vert dei einaste som skal vurderer nynorsklæringi til elevane. Det skjerpar ikkje innhaldet i undervisningi. Og ein kann berre venta på at det kjem nye krav som veikjer nynorsken meir.

# Målmannen

**Utgjevar:**

Samorganet Målmannen

**Tilskrift:**

Målmannen  
Natland stud. by S136  
5081 Bergen

**Bladstyrar:**

**Olav Torheim**  
olaveth@start.no  
Tlf 55 28 23 70  
Mobil 99 15 64 28

**Netstad:**

<http://maalmannen.sambandet.no>

Bladpengar kr 150,-

Bankgiro 2291 14 45666

*Målmannen fylgjer redaktør-plakaten.*

## Bladpengane 2005:

**150 kr - no som fyrr**

Som mange av tingarane truleg hev fenge med seg hev det hev det kome nye reglar frå Posten når det gjeld bladporto. Tidlegare hev det vore slik at ein greider ut både for kvart blad som vert sendt ut og for den samla vikti av heile utsendingi. Dersom hadde halde fram slik, hadde Målmannen fenge ein moderat auke i portokostnadene i år. Men no hev Posten jamvel innført ei minstevikt pr blad på 150 gram. Eit næme av bladet Målmannen veg normalt 50 gram, og det er soleides likt til at for kvart næme me sender ut, lyt me leggja ut for 100 gram med luft!

Jamvel um resultatet kann verta ei dubling av utsendingskostnadene for bladet, hev me valt å framleides halda oss til 150 kr i året i bladpengar. Men ei gåva til bladet, liti eller stor, vil verta sett ekstra stor pris på.

**Hugsa bladpengane!**

*Det er viktugaste innkomekjelda vår*

# Noam Chomsky og generativ grammatikk

Av Kjell Venås

## Bakgrunnen

Då styraren av *Målmannen* spurde om eg ville melde ei bok om Noam Chomsky og generativ grammatikk som Jan Terje Faarlund (heretter JTF) har gjeve ut på Det Norske Samlaget, tenkte eg fyrst at det er ikkje mitt bord. Men så tenkte eg ein gong til, og då kom det for meg at ei slik oppgåve kunne gje meg høve til å oppdatere kunnskapen om emnet, for den har etter kvart fare nokså ille - det har vore mykje anna å gjera, og skal ein følge med generativt, er det visst fulltidsjobb. Eg tenkte òg at kan hende det kunne vera ein føremon for den breie lesarkrinsen åt *Målmannen* at meldaren ikkje er ein spesialist. Så svara eg då at om eg fekk meldareksemplar, skulle eg sjå på boka og saka. Eg fekk ho i hende eit par dagar før eg skulle dra på eit 14 dagars opphald på Gran Canaria, og eg tok den fyrste lesnaden der, som avbrot i strevet med å sleikje sudleg sol og å vogge med mjuke atlantehavsdønningar utanfor den kvite sandstranda Amadores. Eg hadde med meg andre bøker eg kunne lesa om eg vart lei av Chomsky og grammatikken (som eg nok vart av og til). Den største og tyngste av dei andre var *Halvbroren* av Lars Saabye Christensen. Den hadde eg gjort ein mislukka freistnad på å lesa for to år sidan. Denne gongen gjekk det betre: Eg las ut boka, og ho er kan hende så god som ordet gjekk. Nok om det - no gjeld det noko langt anna.

## Generativ grammatikk

Emnet heiter grammatikk, men nemninga kan synast å vera for vid, for det sviv berre om syntaks, læra om grammatiske ledd, og om korleis ord og ledd går saman i større einingar. Dei fleste som skriv heilslege grammatikkar, plar ta med lyd- og formlære, men om lydlære er det her berre nemnt at Noam Chomsky saman med fagfelagen Morris Halle i 1968 gav ut ei bok med tittelen *The Sound Pattern of English*. Forfattarane gjorde ikkje slik lukke med den boka og det feltet som Chomsky og følgjarane hans gjorde med syntaksen. Det kan eg godt skjønna; sjølv tykte eg boka om lydmønsteret var vanskeleg og det analytiske opplegget for konstruert og innfløkt til at det kunne vera ein tenleg måte å bruke i praksis. JTF fortel vidare at generativ fonologi har vorte ein eigen forskingstradisjon, som har lite å gjera med generativ grammatikk, og at Chomsky ikkje har arbeidd noko på feltet fonologi etter opptaket med den nemnde boka (s. 41). Om vi så går til neste steg, meiner Chomsky og mange andre at mykje av morfologien eller formlæra kjem



med under syntaksen (s. 40). Det er også nokre innslag om ein samverknad mellom morfologi og syntaks i denne boka, som vi må tru gjev att kjernen av det Chomsky har gjort som språkgranskar. Merknadene JTF har om morfologi på s. 40f., kjem som eit tillegg til at det uttrykkeleg er sagt at det er tre hovudkomponentar i grammatikken: fonologi, syntaks og semantikk. Det siste er læra om tydingsinnhald i språket.

Boka om Chomskys språketeori formidlar kunnskap frå eit forskingsfelt som mange arbeider på i dag, og som mange også meiner grip sjølve saka og gjev kjernen av all språkvitskap. På omslagssida står det at boka skal gje ein "lettfatteleg presentasjon" av emnet. Likevel er det nokre stader sagt at framstillinga av eit og anna ikkje gjev etablert kunnskap, men gjer greie for arbeidsoppgåver og problemfelt som frontforskarane i fagmiljøet er opptekne av no. Etter omtala på omslaget skal sjølve teorien vera "presentert på ein slik måte at han blir tilgjengeleg for folk utan formell bakgrunnskunnskap i grammatikk eller lingvistik". Kva eg meiner om den påstanden eller det ynskjemålet, vil truleg koma fram etter kvart som eg kommenterer innhaldet; eg er nok ustø på om tanken eller lovnaden blir oppfylt, endå det sjølv sagt står og fell med korleis ein oppfattar ordet "tilgjengeleg". Emnet er vanskeleg både å gripe intellektuelt og å formidle til andre, noko som òg har å gjera med at den særeigne måten å sjå språket på dreg med seg ein ny nemningsbruk. Jamvel om eg nok er ustø på kor lettfatteleg framstillinga er, kan eg vitne at den neste påstanden på omslagssida er rett: Boka kan lesast med utbytte av folk som vil friske opp kunnskapar i generativ grammatikk. Mi eiga oppgåve med å formidle vart her ei mellomløyning som tok omsyn til to sider. Eg måtte avvega ynsket om å skrive tilgjengeleg etter kor langt det var rimeleg å skrive om ei slik bok i *Målmannen*. Det meste i denne meldinga er ikkje ei vurdering av boka

som forfattarprodukt, men referat av emnet og innhaldet i boka og ein freistnad på å tenkje litt om det same.

Boka er delt i fem kapittel, som rett nok har ulik lengd. Dei er like på eit visst punkt; alle sluttar med å orientere om "Vidare lesnad". Opplysningane der er nyttige for dei som måtte kjenne trong til å lesa meir. Dei gjev ikkje berre litteraturlister, men seier noko om kvart verk som blir nemnt. For den som ikkje sjølv kjenner feltet godt, verkar desse orienteringane solide; forfattaren må ha lese mykje og ha eit vidt oversyn. Mykje av den nemnde litteraturen er som teorien sjølv nordamerikansk, men andre viktige prentestader for lingvistisk litteratur er med, som Oxford og Amsterdam. Med unntak for fire bøker på norsk og ei bok på svensk er dei andre utan omsyn til prentestad skrivne på engelsk. Etter dei fem innhaldskapitla følgjer ymist hjelpetilfang, fyrst ein bibliografi over Noam Chomskys vitskapelege produksjon. Han har vore ein svært produktiv forfattar - endå han vel ikkje kunne ha stelt opp i klasse med Halvdan Koht (Lunden 2005:7). Dei fleste utfyllande notane til teksta, viser til faglitteratur. Til slutt er det eit register over innhald og namn i teksta. Diverre er det inga vanleg bokliste alfabetisert etter forfattarnamn.

## Mannen og emnet

Det fyrste kapitlet er stutt (s. 9-23). Under overskrifta "Chomsky og den generative grammatikken" gjev det eit innleiande oversyn med opplysningar om livet og arbeidet til han som skapte det nye. Noam Chomsky vart fødd i USA i 1928 av jødiske innvandarforeldre frå Russland, han vart professor ved Massachusetts Institute of Technology (MIT) 32 år gammal og har vore der heile tida sidan. Det er ikkje nemnt i boka, kan hende fordi JTF har meint det var kjent, at MIT er eit universitet i verdstoppen. Norske aviser og blad kunne i november 2005 atter fortelja dette på grunnlag av ei fersk vurdering (der det bestrangerte norske, Universitetet i Oslo, hadde gått ned mange plassar det siste året, frå nr.101 til nr. 138). Det same er referert i *Apollo*. Nr 4/2005. Harward er stadig sett fyrst i verda.

I innleiinga får vi vita korleis Chomsky sjølv har vorte verdsett av forskarar og andre i samtida. Grunnlaget er kor mykje arbeida hans er siterte av andre, ein vanleg måte å vurdere vitskapsfolk på i USA (og etter kvart også her heime). Chomsky skal vera mest sitert av folk som lever no, og koma mellom dei sju-åtte på topp frå alle tider, folk som

Aristoteles, Freud og Marx. I ei anna kjelde har eg sett at den amerikanske biokjemikaren O.H. Lowry har verdsrekorden; ein artikkel av han frå 1951 om måling av protein er sitert meir enn 250 000 gonger (*A-magasinet* 2.12.06, s. 17). Det er råd å utfylle dette frå ei anna og fersk utspøring, der 20 000 personar kåra dei 100 viktigaste intellektuelle i verda no (referert av Knut Olav Åmås i *Aftenposten* 23.10.05). Dommen deira var at dei viktigaste tenkjarane i samtida er kjende professorar som vinn politisk og kulturell innverknad gjennom media og eigne skrifter. Mange av namna kunne ein rekne seg til føreåt, såleis kom "På en ubestridt førsteplass språkforskeren og USA-kritikeren Noam Chomsky [...]". På andre plassen følgde ein annan språkforskar og vidgjeten forfattar av forteljingsbøker, italieneren Umberto Eco; han er semiotikar, granskar av språkleg meiningsinnhald. Lenger ned kom folk som Vaclav Havel, som var president i Tsjekia, og Jürgen Habermas, tysk sosiolog og filosof og vinnar av Holbergprisen 2005. Karakteristikken av Chomsky som USA-kritikar viser til ein vedvarande innsats av han imot mykje som USA gjer i internasjonal politikk, der han har vore ein av dei hardaste kritikanne på venstresida.

Noam Chomsky voks opp med formidling av språkkunnskap i nærmiljøet, for båe foreldra var lærarar i hebraisk, faren ein av dei fremste vitskapsfolka i faget. Noam var umåteleg evnerik, lærehuga og arbeidsviljug. Ein velkjend professor i lingvistik, Zellig S. Harris, rettleidde han den fyrste tida ved universitetet. Som språkgranskar opna også Noam Chomsky med hebraisk, men det var i den vesle boka *Syntactic Structures* frå 1957 han kom med den nye læra om transformasjonell generativ grammatikk, og det var den boka som fyrst gjorde han kjend. Morris Halle fekk han til å gje ut boka, som var bygd på førelesingar i lingvistik. Dei att bygde på nokre kapittel av eit stort verk han hadde skrive i 1955-56 om logikken i lingvistisk teori. Det vart ikkje prenta før i 1975.

*Syntactic Structures* sette opp to typar av grammatiske reglar, om frasestruktur og om transformasjonar. Det var ei lære om to lag i språket, ein bygnad i djupet og ein i overflata. Djupstrukturen, som vi ikkje utan vidare kjenner heilskapleg, kan framstellast som reglar om frasane, dei syntaktiske ledda som språket er bygt opp av. Språket vi møter i talemålet, er overflatestrukturen. Han blir til ved at djupstrukturen blir omlaga ved visse overgangar, som er kalla transformasjonar. Ein typisk transformasjon er overgangen mellom ei aktiv setning og den tilsvarande passive setninga. Djupstrukturen blir framstelt som ein overgang eller ei omskriving av ei kjernesetning til

flire ledd. Grunnmønsteret S ? NP VP skal lesast: Ei setning er oppbygd av ein nominalfrase (NP) og ein verbalfrase (VP). Transformasjonane blir framstelte på tilsvarande vis; dei syner korleis ledd får nye plassar, kjem til eller blir strokne på vegen mellom dei to strukturane.

Det neste viktige verket av Chomsky, *Aspects of the Theory of Syntax*, kom i 1965 og la fram noko som vart kalla standardteorien. I den hadde semantikken, tydingslæra, kome med, men modellen vart ikkje ståande lenge som standard. I ein serie førelesingar i Pisa i mars 1979 kom Chomsky med nye tankar, og modellen fekk då namn etter to hovudmoment. Dei gjorde greie for ein teori om styring og binding av språkled, på engelsk Government and Binding (GB). Ein utvida versjon av den vart avløyst av ein "prinsipp- og parameterteori". Den siste nyorienteringa kom i avhandlinga *A Minimalist Program for Linguistic Theory* frå 1992 og på prent året etter. Etter den tittelen heiter disiplinen i dag minimalismen, og det er den versjonen JTF held seg til, endå han dreg inn og gjer greie for synsmåtar frå eldre steg der det høver. I nemninga minimalismen ligg det visst at når ein framstiller korleis språket blir til - **blir generert**, skal ein gjera så små inngrep eller omlagingar som råd og halde seg til dei som gjev best økonomi i framstillinga av språkbyggnaden. Djup- og overflatestrukturen er no borte, og dei prinsipielle atterhalda har vorte viktigare enn transformasjonane. På vegen frå Syntactic Structures til minimalismen har dei mange følgjarane av Chomsky teke mot signala og skift meiningar i takt med leiaren, men læresveinane har òg sjølve vore med og utvikla tankar og teori. Endå framvoksteren av disiplinen såleis har vore eit samarbeidsprosjekt, har leiaren nok vore suveren. Alle har rett nok ikkje følgt med. I syttiåra stod det ein hard strid mellom Chomsky og "leksikalistane" på den eine sida og "semantikarane" på den andre. JTF meiner striden enda med full siger for Chomsky og dei som følgde han. Det same seier andre som kjenner saga, som nordmannen Åfarli (Åfarli og Eide 2003:19) og svensken Platzack (1998:22f.). Likevel voks det snart fram alternative teoriar, som vi i boka får vita dei amerikanske namna på.

Tittelen på den nye boka nemner dei vidare omgrepa lingvistik og språketeori, og seier at språketeorien til Chomsky var ein revolusjon i lingvistikken. I ei innhalds- og omgrepdrøfting (s. 21f.) er JTF likevel inne på at nemninga paradigmeskifte kan hende høver betre enn revolusjon; det står på kva ein legg i det siste. Dette er eg samd i; det kan vera å slå for mykje på stortromma om heile

lingvistikken - **språkvitskapen** - skulle vera revolusjonert. Han femner om så mykje at ein syntaksteori frå eller til ikkje kan velte han, snu opp ned på han - eller kva folkeleg vending ein no ville bruke i staden for revolusjon eller for å illustrere det ordet. Forfattaren blir ståande ved å kalle generativ grammatikk ein ny vitskapsdisiplin i staden for ein ny teori eller eit nytt paradigme (med eit ord brukt om ei heilt ny stemnelei). Det ser ut til å vera fordi han reknar "teori" for å vera for veikt og "paradigme" for sterkt til å karakterisere generativ grammatikk, det siste fordi ikkje brått alle språkgranskarar har gått over til denne teorien og arbeidsmåten. Ut av denne vurderinga kjem det ein definisjon eller ei forklaring som samantrengt seier meir om innhald og føremål enn mykje anna i boka; den vil eg herme (s. 22):

*Studieobjektet for generativ grammatikk er ein bestemt komponent i den menneskelege hjernen, også kalla språkevna (the language faculty), og spørsmåla gjeld korleis denne er strukturert, korleis nyfødde menneskebarn tileignar seg språket ved hjelp av denne evna, og korleis ho blir brukt til å produsera og forstå språklege ytringar.*

Dette kjem vi attende til, og då vonleg med eit betre grunnlag for å ta stode til det.

## Språket

Kapittel 2 (s. 24-59) har den altfemnande tittelen "Språket". Også dei fyrste undertitlane, "Språk, menneske, kultur", "Språk som biologisk organ" og "Språk som kunnskap", fortel at det gjeld grunnleggjande sider ved språket, sameleis den femte undertittelen "Barn og språklæring". Den fjerde undertittelen, "Grammatikk og kreativitet", synest å gje meir uviss opplysning, for ein kan ikkje ut frå ordlyden heilt slutte seg til kva bolken handlar om. Ein kan seia at han forklarar viktige sider av grammatikk og språk og tilhøvet mellom dei.

Generativ grammatikk gjeld ikkje studiet av kommunikasjon ved hjelp av språk, men føresetnadene for å kommunisere, det vi i sitatet ovanfor fekk presentert som språkevna. Språket sjølv blir på s. 28 stuttare definert som "eit system av abstrakte symbol, eller teikn". Ein tanke om at teiknet står for noko anna enn seg sjølv, blir ført attende til "strukturalismen i europeisk åndsliv" og personpremiss: til Ferdinand de Saussure (1857-1913). Det er ikkje sagt mykje om kva de Saussure la i språkteiknet - *le signe linguistique*, som vel var det mest originale og nyskapande den geniale sveitsaren lét etter seg. Men når ein fyrst fører inn dette språklege omgrepet,

hadde det vore bra å få fram det særmerkte ved språkteiknet åt de Saussure, om dobbelt-sida ved det, med eit innhald og eit uttrykk - "signifié et signifiant". Det kan vera ein fare for at den stutte omtala her får lesarane til å meine at de Saussure la dét i teiknet som han åtvare mot, at dei vil tru han såg på språket som ein nomenklatur eller ei liste av nemningar for like mange ting (de Saussure 1931:97). Når "lydar" er nemnde som døme på teikn (ved sida av "skriftteikn, handrørsler"), er det mogeleg at somme vil meine at det er tenkt på språklydar, noko strukturalisten (meir presist glossematikaren) Hjelm-slev (1966:43) skilde ut som noko langt anna og kalla "figurer". Om "den gamle tradition ifølge hvilken et tegn først og fremmest er tegn for noget", skreiv Hjelm-slev "at denne oppfattelse er lingvistisk uholdbar" (s. 44). De Saussure (1931:98) understreka at båe nemningane som vedkjem språkteiknet, er sjelelege og sameina av assosiasjonsband i hjernen. ([...] que les termes impliqués dans le signe linguistique sont tous deux psychiques et sont unis dans notre cerveau par le lien de l'association. Insistons sur ce point.) Vi ser at Chomsky ikkje er den einaste som har meint at språket finst i menneskehjernen.

I framhaldet hjå JTF er det synt at abstrakte relasjonar kan verke som språkteikn. I uttrykket *eit kvitt hus* fortel plasseringa av adjektivet og substantivet i høve til kvarandre at fargen er ein eigenskap ved byggverket, noko som syner at grammatisk form (her hypotakse eller underordning) svarar til uttrykkssida i eit teikn. Så står det vidare: "I ordrekka *Stakittet er kvitt, huset er raudt* har vi ikkje eit slikt grammatisk forhold mellom *kvitt* og *hus*". Ein kunne seia at vi ikkje skal ha det heller, for *kvitt* er ikkje ein eigenskap ved eit raudt hus, og orda (teikna) står i kvar si hovudsetning. Men *kvitt* og *huset* følgjer etter kvarandre som *kvitt* og *hus* i det førre dømet, og ei jamføring illustrerer godt både hypotaktisk ledd og at setningar set skilje. Ein kunne òg ta med at samanstillinga av adjektiv og substantiv i "kvitt hus" gjev den same opplysninga som er uttrykt beint fram i "Huset er kvitt". Når ein arbeider noko med desse døma, som eg fyrst tok for å vera lite gode, ser ein at dei kan gje mykje språkkunnskap.

No nokre ord om dyreriket. På s. 31 les ein om "vi [dvs. menneske] og andre dyr" (tilsvarande andre stader), men på s. 32 om "både [...] dyr og menneske". Meldaren liker best det siste, og at det er den rettaste artsinndelinga, blir underbygt av opplysningane på s. 29 om den veike språkevena åt apen Nim Chimsky. Andre vitnemål om at mennesket skil seg frå dyr, er nemnde: Det kan vise til

fortid og framtid, tenkje i hypotesar og er den einaste arten som kan ljuge (s. 28). Forfattaren Øystein Lønn gjev endå eit døme på at mennesket er noko for seg sjølv. I romanen *Thomas Ribes femte sak* (som eg òg rakk å lesa det meste av på Gran Canaria) skriv han at "mennesket er det eneste levende vesen som gråter" (s. 49). Eg er ikkje viss på at det er sant, for eg meiner plent at ei ku Vinje skriv om, hadde augo som ei viss gresk gudinne og kunne gråte. Platzack (2005:476) skriv om "kognitiva förmågor som vi delar med andra djur", så han òg set mennesket i bås med dyra, det mest vanlege her.

Dette fører naturleg over til eit par andre spørsmål om nemningar som gjeld biologi, fyrst det vi alt har møtt i ein undertittel: "Språket som biologisk organ". Det ser ut til at JTF har god dekning i grunnskriftene av Chomsky for å kalle språket (og språkevena) for eit organ. Han kallar det "rimeleg" å sjå på språkevena som eit "språkorgan" (han har hermeteikn om ordet) "i same forstand som naturvitskapsfolk omtalar synssansen, immunsystemet, eller blodomløpet som organ i kroppen" (s. 33). Utan vidare ville eg sjølv setja noko openbert konkret, noko ein kan nemne stad og rom for, som vilkår for å tala om eit (biologisk) organ. Nynorskordboka fortel at ordet "organ" kjem over latin frå gresk *organon* opph. 'reiskap' og har tyding 1: "avgrensa del av plante, dyr el. menneske som er tilpassa visse funksjonar *kjønns- / sanseo-*".

At Chomsky (og JTF) har førestellingar om at språket er noko som fyller stad og rom, er sagt i klårtekst: "For Chomsky er språket og språkevena hos mennesket tvert om ein svært konkret gjenstand" (s. 30). Substantivet "gjenstand" har inga lang fartstid i nynorsk, helst av di det kjem beint frå tysk *Gegenstand*, som atter tilsvavar latin *objectum*. Nynorskordboka gjev ordet med den eine tydinga "ting", med samansetjingane *bruks- / flytande g-* som opplysende døme. Rett nok har "ting" fleire bruksområde og kan brukast om mange ting (!), men "ein svært konkret gjenstand" må koma med under tyding 2 av ordet "ting" i Nynorskordboka: "noko (livlaust) som finst, gjenstand [!], emne". Det eg vil med dette innspelet om tydingar, er å reise spørsmålet om dei generative omgrepa "språket" og "språkevena" verkeleg blir oppfatta så konkret som det står her og andre stader i boka av JTF, eller om det er dei nynorske orda som er brukte noko laust. Om det fyrste er rett, måtte vi tenkje oss at språket og språkevena kunne lokaliseras til ein viss stad i hjernen, og hjerneforskarane veit ein del om det, såleis at Brocas talesentrum på venstre side i den nedre, bakre delen av pannelappen i storhjer-

nen ikkje er den einaste staden som er viktig for taleevna, men at andre område i hjernen òg har noko å seia. Teorien om **hjernelokalisasjon** (oppslagsord i AGL) skal vera oppgjeven no, og granskarane meiner at "hjernen funksjonerer som en enhet, om enn med spesielle delfunksjoner for enkelte hjerneavsnitt". Grunnen til å gå inn på dette, er at Chomsky reknar "sin lingvistikk som eit studium av menneskehjernen" (s. 16). Både studiemetodane og studieemna skil seg likevel frå det anatomar og fysiologar driv med, visseleg dei av våre heimlege som eg har lese og høyrte eit grann om, nevrofysiologane Alf Brodal og Per Andersen, båe verdskjende og mangfelt dekorerte for det dei har gjort.

Som ein ser av sitatet ovanfor, skal språklæringa åt born vera ei hovudsida i det generative synet på språket, og den rådande oppfatninga av dette i dag skal vera Chomsky å takke. Det har då vore fleire om det, ikkje minst ein annan amerikanar, E.H. Lenneberg, med ein studie frå 1967 om det biologiske grunnlaget for språket. Når ein ser korleis synet på språktilegning hjå born er i dag, verkar det heile så sjølvstøtt at det er nærast utruleg at dette ikkje er mykje eldre lære (noko eg likevel ikkje har grunn til å tru i strid med det som står her). I USA var det behavioristane (åtferdspsykologane) Chomsky fyrst la imot, særleg i ei kritisk melding frå 1959. Nokre av dei hadde forlese seg på skriftene av hundeforskaren Pavlov. Som vi veit, prova han for all tid at mykje av den kunnskapen vi hjelper oss med i verda, blir lært som refleksar, men det er truleg at somme, både språkfolk og andre, har sett seg blinde på refleksane og sett bort frå andre læringsmåtar. Når ein tek for seg heilskapleg språklæring - som er meir enn å lære syntaks, bør vi ikkje underkjenne "hermeteorien", som JTF skriv om i denne bolken (s. 50f.). Herming og motorisk øving er ein sjølvstøtt del av å lære å tala alt frå bablesteget. For at språket i hjernen skal få verke, høyrer det med å bruke taleorgana (som utan all tvil er biologiske organ). Barnet må lære å produsere språklydar, det må lære å kombinere språklydane til stavingar og ord, det må lære ord og kva ord tyder. Slikt les vi ikkje om i denne boka, vel fordi Chomsky ikkje har vore oppteken av det.

Det har derimot andre forskarar av barnespråk, såleis Ragnhild Söderbergh. I eit relativt populært arbeid frå 1979 gjer ho greie for amerikansk forskning om syntaksen i barnespråk, særleg ein stor studie av Roger Brown frå 1973. Ho nemner ikkje Chomsky, vel fordi han ikkje har drive empirisk gransking av born som talar, slik som ho sjølv og dei ho viser til.

At det er ei medfødd evne som gjer det mogleg for mennesket å lære språk (the innateness hypothesis) tykkjest endå meir sjølvstøtt enn det som vart nemnt ovanfor om korleis vi lærer språk. Når ein får vita at dette har vore omstridt (s. 31f.), må ein også berre undre seg. Det blir til dels forklart med at teorien har vore mistolka, jamvel såleis at somme trudde det var eit visst språk som skulle vera medfødd, det ville vel då seia språket å foreldra. Kva så om dei hadde kvar sitt språk, eller kva med born som vart adopterte? Alle er vel så mykje språkvidarar at dei må sjå at dette må vera ravgale. Døma som skal syne kva som ligg i hypotesen om den medfødde språkevna (på s. 32), er klårgjerande, som jamføringa med evna til å få tenner, eller med at kongroa kan spinne vev og flaggermusa navigere etter eit sonarsystem. Sluttsetninga av eit avsnitt er til å klappe åt: "Språket er [...] vårt glansnummer i naturens store talentshow." Samlinga om syntaks gjer at det ligg nær å spørja om det berre er syntaksevna som skal vera medfødd. Den svenske generativisten Platzack (2005:476) skriv om "den generativa grammatikens syn på språket (grammatikken) som eitt autonomt medfødt system". På s. 50 definerer JTF "den medfødde språkevna" såleis: "Dette er ei medfødd evne som set barnet i stand til å lære grammatikk." Som vi ser, er det grammatikken både JTF og Platzack uttrykkelig skriv er medfødd. Men når ein set det saman med noko vi fekk vita av JTF på s. 40, at både fonologi og semantikk er modular i grammatikken, utvidar det forståinga i rett lei. Det er sjølvstøtt rett at evna til å laga og kunne bruke språklydar (fonologi) og til å leggje innhald i ord (semantikk) er medfødd. Det er mykje som er medfødt, som evna til å lære å bruke biologiske organ.

### Grammatisk analyse

Det tredje kapitlet heiter "Grammatisk analyse" og er det lengste i boka (s. 60-136). Det er delt i ei innleiing pluss åtte bolkar føre bolken om "Vidare lesnad", og det gjer greie for korleis hovuddraga av norsk syntaks blir framstelte generativt. Overskrifta over den fyrste bolken er "Grammatikkmodellen" (s. 62). Der får vi fyrst vita noko vi alt veit, at syntaksen står sentralt i generativ grammatikk. Vidare at syntaksen "lyt forhalda seg til tre andre delar av språket: orda, uttalen og meiningsinnhaldet". At desse tre delane høyrer til språket, skal vi halde saman med at fonologi, syntaks og semantikk er dei tre hovudkomponentane i grammatikken. Vi må òg halde fast ved at språket skal vera eit biologisk organ lokalisert i hjernen. Det som følger deretter, ser ut til å vera så sentralt at det

er noko å vinne ved å gje det att heilsleg:

*Orda finst i leksikon. Der er dei oppførte med spesifisering av uttale, tyding og grammatiske eigenskapar. Den syntaktiske strukturen blir bygd opp ved at ord blir henta inn frå leksikonet og kombinerte i samsvar med allmenne syntaktiske prinsipp. Det er to typar operasjonar som på denne måten er med på å byggja opp strukturen: spleis (engelsk Merge) og flytt (engelsk Move). Ved spleising blir ord kombinerte til større einingar, og ved flytting blir desse einingane, eller delar av dei, plasserte på andre plassar i setninga enn der dei fyrst vart innsette.*

*Denne syntaktiske strukturen blir så tolka semantisk, det vil seia at den ferdige setninga får innhald, som er ein kombinasjon av den leksikalske tydinga til kvart einskilt ord og av den syntaktiske strukturen. Det er den syntaktiske strukturen og ikkje tydingsinnhaldet i orda som gjer at Mannen beit hunden. tyder noko anna enn Hunden beit mannen.*

Dette er hovudsaka i "3.1 Grammatikkmodellen", og det ser ut til å skildre korleis språket blir til i hjernen. Om vi bruker det gjevne dømet, må vi tru den saklege situasjonen er at ein hund bit ein mann (og ikkje det motsette). (Til spørsmålet om kven som bit, skal eg i ein parentes nemne at *Aftenposten* (Morgon 16.12.06) fortel om ein ekstremt valdeleg belgisk film med tittelen "Man bites Dog".) Det kan vera eit barn som ser dette og vil fortelja det til nokon. Barnet hentar inn tre ord frå leksikon (*hund, bite, mann*) og lagar syntaksen i ei setning. Men setninga er ikkje som ho skal vera med det same; difor blir einingar bundne saman og flytte på slike måtar som vi lærer i resten av dette kapitlet. Slik eg skjønner progresjonen i framstillinga, er det fyrst når alt dette styret er over, at barnet tolkar setninga semantisk, som vel vil seia: oppfattar kva det har sagt. Eg vil kommentere dette på mildaste måte, og må då seia at eg tykkjer tolkinga kjem inn altfor seint. Det fyrste er at barnet ser at hunden bit, og ved det får ei tilskunding til å forme språkleg det som det har sett. Då er vi ved spørsmålet om tanken eller språket er fyrst, og det har mange sagt og skrive mykje om, noko det ville føre for langt å gå inn på her. For mange år sidan gav eg sjølv ei refererande framstilling av kvar granskinga stod, under overskrifta "Språket skaper verda", der eg konkluderte med at "[...] det ikkje er noka kategorisk løysing på problemet: Ein kan tenkje utan språk, men språket gjev tenkinga ein kvalitet ho elles skulle sakne" (Venås 1982:104). Til den siste perioden i sitatet om rekkjefølgja i prosessen, vil eg seia at det er

opplevinga av "mann" og "hund" og "bite" og innhaldet i orda for dei som er grunn til at det blir sagt noko om dette. Hadde det ikkje vore for at sansinga og tanken arbeidde med dei leksikalske einingane for eit menneske og eit dyr (eller eventuelt to dyr), så hadde den syntaktiske strukturen ikkje vorte aktivert. Det er somt som tyder på at hona her er føre egget.

Når ein på s. 42 les at "[...] syntaksen følger sine egne reglar og prinsipp [...] uavhengig av meiningsinnhaldet", kjem ein til å tenkje på dømet Chomsky gav med den syntaktisk korrekte, men i høve til verda vitlause setninga "colorless green ideas sleep furiously" - "fargelause grøne tankar søv rasande vilt". - Ein annan frittstående merknad: Det hadde vore ein føremøn om omgrepet flytting hadde vore problematisert og om mogleg konkretisert. Kva vil det seia å flytta eit ledd? Platzack (2005:477) gjev kan hende ein lykel når han skriv om "metaforen [!] 'flytting', d.v.s. B resp. A sägs ha flyttat til den högre positionen. Jag kommer att använda denna metafor i min uppsats." I staden for metafor kunne ein kan hende seia hjelpeformel.

Resten av kapitlet har dette opptaket som grunnlag. Det gjev (symbol for) frasar eller ledd av ymse slag, mange atgjevne i trestruktur som syner korleis ledda høyrer saman, korleis dei dominerer eller blir dominerte av kvarandre. Etter det same systemet og i utvida trestruktur er grammatiske funksjonar innsette som frasar etter kvart som framstillinga skrid fram; det gjeld tempus, bundenskap og samsvarsbøying. Det berande inntrykket er at syntaksen blir formalisert etter faste mønster. Det kan vera ein føremøn og verke klårgjerande for så vidt som det gjev eit systematisert bilete, men den stive mekanikken i formaliseringa kan òg verke uturvande og tyngjande. Døma som skal syne tankegangen og framgangsmåten, er valde med omhug og er difor helst stutte og einfelte. Dei skal gje hovuddraga, men trestrukturane tek mykje plass. Det går såleis ei side minus to liner til å få fram korleis setningane "får laga denne kaka" og "denne kaka laga far" er oppbygde (s. 91), ei heil side til "viss grisen liker blautkake" og "Liker grisen blautkake?" (s. 151) og det meste av ei side til å gje trestrukturen av "den kaka som får baka". Ein må tenkje: Korleis skulle dette gå om det hadde vore noko meir innfløkte og vanskelege setningsinnhald som skulle setjast på tre? Ein må med eit visst vemod minnast den greie oppstillinga av eitt ord på kvar line og bruken av klammer og piler til å syne dominans, bundenskap og det motsette i den tradisjonelle setningsanalysen, eller også på felt og plassar i Diderichsens modell, anten i originalutgåve eller varsamt fornorska og ommøblert. Men

lat nostalgien fara; no er det andre tider.

Mange slåande nye sanningar kan eg ikkje sjå at kapitlet om grammatisk analyse i den nye vitkapsdisiplinen avdekkjer når det gjeld dei velkjende strukturane. Nokre sider av saka blir likevel førte lenger enn eg kan minnst at det var vanleg å drive det under det gamle regimet. Eg tenkjer då for det fyrste på bruken av nemninga og termen "argument", som er henta frå predikatslogikken, og som ein her les om i bolken 3.3 "Argumentstruktur" (s. 71-85). Det som går for seg ved å innføre semantiske **theta**-roller, er i røynda at kategorien verb blir gruppert noko lenger etter innhald enn det tradisjonelle skiljet etter transitivitet gav og gjev. Termen og omgrepet "argument" har vore med lenge i generativ grammatikk, og dei er kjende frå mange artiklar og oversynsbøker. Argumenta står for nokon, noko eller nokre som er med i tilgangen som verbet gjer greie for. Nemningane og omgrepa "agens" og "patiens" høyrer til gammal grammatisk tradisjon, men skiljet mellom eksternt og internt argument er nyare, og det utvidar forståinga av setningsledda jamført med nemningane "subjekt" og "objekt", som elles lever vidare; her er dei gamle nemningane for det meste føresette kjende. Kategorien inakkusative verb eller med ei anna nemning ergative verb er ny og nyttig; framstillinga av dette delemnet er grei og lett å skjønna.

Ein bolc av dei åtte i kapittel 3 er om "Komplekse setningar" (s. 113-28). Han opnar med å gjera greie for dei gammalt kjende gruppene av leddsetningar: substantiviske, adjektiviske og adverbiale. Den adjektiviske eller relative gruppa er her noko utvida i høve til tradisjonen hjå t.d. Heggstad (1931). Eg noterer helst ein vinst i at leddsetningar utan finitt verb er tekne saman med dei som har det. Det fører til at det usynlege pronomenet PRO kjem inn som eit nytt element; det gjer heller ingen skade, men kan vera nyttig, og det er lett å skjønna og å ta opp i tradisjonen. Eit par andre nemningar er nye for meg. Etter engelsk small clause er "småsetning" brukt i staden for det tradisjonelle akkusativ med infinitiv, som ikkje hadde eigenleg tilværegrunnlag i moderne norsk. 'Småsetning' er ikkje nytt med denne boka; dei finst saman med infinitivsetningar hjå Åfarli 1997 og får eit eige kapittel i ei innføringsbok av Åfarli og Eide 2003. Dei tradisjonelle gruppene fast og fritt predikativ blir òg tekne som småsetningar. Eg er usamd i å sjå på "ut" i "Vi kasta katta ut" for preposisjon (s. 125); eg meiner det er eit adverbial, mellom anna fordi det like gjerne eller heller blir brukt føre substantivet: "Vi kasta ut katta". Setninga "Vi drog fisken opp" er av same slag.

### Universell grammatikk

Kapitlet med denne tittelen utgjer sidene 137-77. Tanken om ein universalgrammatikk. (UG) vart innført alt i bolken om born og språklæring, og han er eit viktig grunnlag under generativ grammatikk i det heile. JTF seier det så sterkt som dette på s.138: "Eksistensen av ein universalgrammatikk som den eg har beskrive her, er ein grunnleggjande premiss for heile den generative grammatikken og dei teoriane han består av." UG følgjer av og heng saman med tanken at ei medfødd språkevne ligg under framvoksteren av språk hjå barnet. Det er noko som høyrer mennesket til, og karakteriserer det som art. Det stør denne tanken at alle språk blir lærte og veks fram på same måte og følgjer dei same voksterstega. Når ein tenkjer på kor enormt mykje som skal lærast og blir lært på stutt tid, og korleis læringa går for seg, synest det å vera ei mest umogeleg oppgåve. Likevel blir ho løyst av alle normale born; dei skal ikkje ha klistehjerne eller høg IQ for å greie det på tre-fire år. Læringsargumentet er det som sterkast underbyggjer tanken at språket er medfødt, og tanken om UG.

Læringsargumentet (og andre argument) er visst brukt(e) berre om å lære syntaks. Kan hende kunne det med like stor grunn gjelde for den fonologiske og semantiske komponenten. Barnet tek imot ein meir eller mindre samanhengande straum av lydinntrykk frå folk som talar meir eller mindre tydeleg, med skiftande periodiske og uperiodiske svingingar, formantfrekvensar, grunntone og deltonar, tonehøgde og lydstyrke (Sivertsen [1967]). I dette fonetisk lite gode grunnlaget finn det sjølv eit system for å dele lydstraumen i mindre einingar, som det analyserer, strukturerer, tileignar seg, bind saman og lærer å knyte til objekt og verksemd i verda. Det er eit imponerande stykke læring, som dessutan legg grunnen for læring på det syntaktiske steget, det som Chomsky og JTF altså samlar seg om. De Saussure (1931:156) har ei teikning av korleis tankestraumen og lydstraumen blir delte bitevis av språket. Hjelmslev (1966:37-44) skriv om "Tegn og figurer", der figurane som nemnt svarar til den bitevis oppbrotne lydstraumen.

Chomsky kallar UG *the initial state*, noko JTF gjev att som "den grammatiske utgangsposisjonen". Ein annan språkgranskar JTF viser mykje til, Steven Pinker, omtalar UG som eit instinkt, og det høver godt med noko som er viktig i samanhengen: Barn ynskjer å tala, dei trår etter å lære språket. Andre som har tankar om dette, kan sjå på UG som det alle språk har saman, eller som ei utmynting eller klårgjering av kva språk kan vera. JTF meiner at det ikkje er nokon motset-

nad i å sjå ulikt på dette. Så lenge det ikkje finst ei autoritativ og godkjend lære om UG, er det vel berre ein foremon at ymsande synsmåtar kan gje tilskot til eit breitt teoretisk underlag, ein slags infrastruktur. Det som er referert etter Chomsky og Pinker, verkar gjennomtenkt og rimeleg. Kan hende blir ein meir spørjande og tvilande når ein får vita meir om dei einskilde argumenta som blir brukte til underbygning og prov.

Det er fyrst ein bolc som gjev att hypotesar om UG. Det har enno ikkje vore råd å koma ut over det hypotetiske steget, og dei som steller med dette, kan ikkje seia for visst kva UG røyntleg inneheld. JTF tek fram berre ei ovring som han vil leggje vekt på: evna til å bruke anaforisk referanse. Det vil seia å kunne binde saman og vise språkleg frå éit ledd til eit som går føre; bruken av dei refleksive pronomena "seg" og "sin" kan vera døme. Reglane om bruken er samansette og fintmerkande, og dei må vera lærte av talaren ved sjølvstendig bruk, ved å prøve og feile. Elles arbeider granskarane med hypotesar om UG, og det er gjeve eit par døme på korleis slike hypotesar har synt seg å vera galne. Ein hypotese om eit universelt filter knytt til eit far (engelsk trace) etter bindeordet *that* (norsk *at*) som Chomsky hadde sett fram, meiner JTF kan motprovast med tilfang frå norsk. Er eit drag universelt, kan ein sjølv sagt motprove tilfang frå éit språk med motstykket frå eit anna. Provet er at somme norsktalande vil godkjenne å bruke "at" i setningar som "Kven trur du at vil hjelpe oss?" og "Dette veit eg at er viktig". Eg kan sjølv leggje til eit døme eg fanga opp med eg hadde dette i tankane. Som undertekst på ein fjernsynsepisode med Jack Frost 2.1.06 hadde tekstaren/omsetjaren skrive "en mann vi tror at heter Lester Bryce-Jones". Eg meiner at den dialektale bakgrunnen omsetjaren måtte ha, truleg ikkje hadde noko å gjera med at han skreiv slik. Like lite fortel det om den dialektale bakgrunnen til tv-mannen Christian Borch at han 22.1.06 som kommentator sa: "[...] forberedte seg på den dagen alle forstod at nærmet seg". Det er tydeleg at ein og annan norsk språkbrukar kan godkjenne slike seiemåtar med at som *I-språk* ("der I står for individuell, intern og intensjonal"), men eg trur dei fleste ikkje vil godkjenne dei, og det anten prøvarane er frå Hammerfest, Voss, Trysil eller andre stader. Det er lettare å vurdere slike døme noko ulikt fordi vi godt skjønner kva som er meint, anten "at" er med eller ikkje, og det er eit individuelt skjønt slike godkjenningssprøver gjev att. Det kan allment vera eit lag til å bruke det underordnande bindeordet at om det ikkje er plent naudsynt, for det gjer ikkje nokon skade, men kan klårgjera setningsgrense, leddtilhørsle og



med det meningsinnhald. Eg meiner difor at om Chomsky ikkje møter sterkare motlegg til filteret sitt enn det som er nemnt frå norsk her, kan han roleg halde fram med å kalle det universelt.

Teorien om UG knyter seg til eit prinsipp som JTF kallar "strukturavhengigheit" etter det engelske *structure dependency*. Han demonstrerer det ved å syne at språket arbeider med ein hierarkisk struktur av grammatiske ledd som kan vera oppbygde av fleire internt bundne leksikalske eller funksjonelle einingar. Ein teori om det faste mønsteret til denne bygnaden heiter etter engelsk X-bar-teorien. Det engelske *bar* tyder 'strek' og viser til korleis dei markerte bygnaden i ein trestruktur. Ei forvitneleg allmennspråkleg opplysning i denne bolken er at skiljet mellom substantiv og verb visst er universelt, jamvel om ei inndeling i ordklasser ikkje er det. Visst er det vidare at bruken av andre ordklasser, som adjektiv og adposisjonar (både post- og preposisjonar), skil seg mykje mellom kjende språk. Dei funksjonelle kategoriane er det meir vanskeleg å fastsetja universelle rammer for. Ikkje alle språk har kategoriar vi kjenner frå norsk, som tempus, subjektsrolle, numerus og bundenskap, men dei kan ha andre kategoriar. Det spørst også korleis ein definerer funksjonelle kategoriar. Det siste i bolken om hypotesar om UG gjeld soga om transformasjonar i generativ grammatikk. Dei vart etter kvart brukte ulikt for kvart språk og brukte ukritisk, som ei rådgjerd til å løyse mange einskildspørsmål. Det førte til at Chomsky fastsette at berre éin transformasjon skulle gjelde. Regelen om den lyder: "Flytt kva som helst kvar som helst." Ein spørjande og kritisk merknad melder seg usøkt: Dette må vera det motsette av nedskjering, total fridom i ein sekk som tillet alt.

Det blir difor ein akutt trong til atterhald, og dei kjem i bolken: "Restriksjonar". Eit styrande omsyn er prinsippet om økonomi, og å kunne svara forsvarleg på spørsmåla kva som gjer det naudsynt å flytta, og kor stutt det er mogeleg å flytta. Eit døme som skal svara på det fyrste spørsmålet, gjeld verbet, som blir henta inn frå leksikonet og må flytta til plassen for tempus for å bindast til den funksjonelle projeksjonen. Ved denne verbflyttinga blir det meldt om eit "problem" på s. 152: "Vi har nemleg ingen "prov" på at verbet har flytt, anna enn at teorien krev det." Ein kritisk lesar må spørja kor langt og lenge ein uprova teori kan vera grunnlag for ein så sentral del av lærebyggnaden som flytting ser ut til å vera. Og endå ein gong kva det er å flytta. Påbodet om ikkje å flytta lenger enn naudsynt, fører til klårgjering av ein viktig del i underlaget for UG, nemleg bindingsteorien. Eit par

vilkår i den går på krav til referanse og på det å styre eller rå over ledd, som i dette høvet er kalla å "kommandere" ledd. (Det er noko som heiter *c(onstituent)*-kommando.) Den økonomiske vinsten som følgjer av det, er at det berre kan flyttast oppover, og dét gjer verbet som kjem frå leksikon og søkjer etter den knuten i trestrukturen som heiter T(empus) for å bindast til det grammatiske draget der; denne flyttingsprosedyren heiter "å skjekke". Dersom eit søkjande element lid den lagnaden at leksikalsk form og grammatisk drag ikkje høver saman, heiter det "å kræsje".

Ein bolk i kapitlet om UG heiter "Parameterar", og når vi hugser at ein relativt ny versjon av generativ grammatikk heiter "prinsipp- og parameterteorien", skjøner vi at dette omgrepet må vera viktig. I boka er bruken synt med greie døme, men ein kunne leggje forklarande til etter *Nynorskordboka* at "parameter" er brukt i matematikken om ein "konstant som kan få ulike verdiar", kan hende òg at lekkene i ordet kjem frå den greske førestavinga para- 'ved sida av, attåt, utanfor, motsett' og *metron* 'mål'. Kva som er meint med parameter i grammatikken, er for det fyrste synt med å vise til ulik leddfølgje av setningar med same tyding i norsk, tysk og engelsk: No har eg lese boka - jezt habe ich das Buch gelesen - now I have read the book. Tysk har hovud verbet sist, norsk og engelsk har objektet etter verbet. Engelsk har subjektet føre hjelpeverbet, norsk og tysk har det etter. Døma syner at desse språka skil seg frå kvarandre ved to slags leddfølgje. Dei har eit sams opphav, og ein gong i tida må brukarane ha hatt høve til å velja ulike verdiar av parametran 1: rekkjefølgje av subjekt og hjelpeverb og 2: rekkjefølgje av hovudverb og objekt. Dei som tala det språket som vart norsk, gjorde ein gong det same valet som dei som tala det som vart tysk, og ein annan gong det same valet som dei som tala det som vart engelsk.

Åfarli (2003:17f.) skriv at Chomsky ser på UG som "eit slags internalisert grammatikkskjelett som finst i kvart enkelt barn alt ved fødselen, altså at det ved sida av å vere internalisert også er medfødt". Fritt attgjeve går han vidare slik: Det å lære språket er ei slik formidabel oppgåve at ho ville vera umogeleg å løyse om ikkje barnet var fødd med eit grammatisk rudiment. Det dreg med seg spørsmålet om grunnen til at språk er ulike. Chomsky meiner at det medfødde grunnlaget er svært abstrakt. Det må vera så fast at barn kan lære språk, men òg så laust at språk kan vera så ulike som vi veit dei er. Dette er mogeleg om ein tenkjer seg to slags prinsipp. Det eine slaget er absolutt og finst i alle språk; det andre slaget er parametran. Eide tenkjer seg

parametran som brytarar på eit panel (Åfarli og Eide 2003:146).

I den vidare drøftinga av dette er det eit poeng kva som kan vera grunnen til at språkbrukarar vel ulike verdiar av den same parameteren. Kvifor valde dei norske rekkjefølgja i (*har*) lese boka og dei tyske i (*Ich habe*) das Buch gelesen? Det som følgjer i bolken om parametran etterpå, gjev inga løysing, så vidt eg kan sjå, endå det blir sagt på s. 160f. at Chomsky ved "teorien om *synlege og usynlege flyttingar*" har løyst "det logiske problemet med språkleg variasjon innanfor minimalismen". Løysinga hans går ut på det finst to slag av flyttingar, i synleg syntaks og i "logisk form" (som er innhald avgjort av syntaksen). Den siste kjem etter eit "realiseringspunkt", der syntaks går over til logisk form. I den vidare framstillinga av dette blir det gjort greie for ein "tiltalande tese" om at "syntaksen blir driven av morfologien". Ved to jamføringar av morfologiske skilnader, ei mellom norsk og islandsk og ei mellom engelsk og fransk, blir dette underbygt med at dei språka som har mest samansett morfologi, her islandsk og fransk, flytter verbet til ein høgreliggjande knute i trestrukturen, men at norsk og engelsk, med færre bøyingsformer, let verbet stå i den lægre knuten for tempus, og det skal svara til skilnader i leddfølgja mellom desse to para av språk. Eg kan ikkje sjå at vi med dette eller i resten av kapitlet kjem noko nærare ei god forklaring på kva som gjev språkskilnader, og heller ikkje på kva som avgjer ulikt val av parameterverdiar. Språkskilnader er forresten og sjølvsagt uendeleg mykje meir enn nokre utvalde grammatiske drag. Soga om Babeltårnet i GT får truleg gjelde eit tak til. I resten av kapitlet er det ei interessant jamføring av språk som må eller ikkje må uttrykkje eit subjekt i alle setningar, og ei like spennande innføring i hovuddraga i polysyntetiske språk, det er språk som får fram grammatisk samansette tilhøve i éi ordform.

### Den store samanhengen

Det femte og siste kapitlet har den noko difuse tittelen "Den store samanhengen" (s. 178-204). Her er det ikkje ei utgreiing om Chomsky og generativ grammatikk, men det gjeld å finne ut kva den generative teorien kan gje til å forklare historiske, sosiale og politiske sider av språket. I bolken "Opphav og evolusjon" les ein at språket kan vera mellom 150 000 og 70 000 år gammalt. At tidfestinga er så vidt upresis, fortel vel både at det er vanskeleg å seia noko om dette i det heile, og at ein ikkje kan lite på dei gjevne tala heller. Chomsky har ikkje sagt mykje om korleis språket kan ha vorte til, men meiner helst at det kom brått,

ved mutasjonar. Andre generativistar har tenkt seg at voksteren gjekk seinare. Ein freistnad JTF gjer på å finne likskap mellom strukturdrag i generativ grammatikk og tenkte levemønster i jegar- og fiskarsamfunn, overtyder ikkje, og det gjer heller ikkje "ein spekulasjon" av ein nyzealandsk lingvist, som ville sjå stavingsbyggnaden i lys av at mennesket går oppreist på to føter, og at strupehovudet ligg lågt. Ei uheldig ordlegging her seier at ord som rimar, "kan godt ha ulik konsonant føre kjernen" (s. 183). Ein merknad til det er at dei må ha ulik konsonant (om då ikkje det eine er utan konsonant), elles er dei homonym. I ein bolck om "Variasjon og endring" får vi vita at generativistane har vore mykje opptekne med studium av historisk syntaks. Vi kjem inn på kjerneparameteren att, nemninga går på skiljet mellom VO-språk og OV-språk. Det gjeld val av rekkjefølgje av verb og objekt. Dei fleste språka har rekkjefølgja VO, såleis norsk og nordisk, men tysk og nederlandsk har OV. Språk har skift frå OV til VO, såleis norsk, og nokre vilkår og måtar for overgangen blir framlagde. Eit grammatisk-strukturelt døme til slutt skal syne at overgangen frå gammalnorsk til nynorsk leddstilling i leddsetningar kan ha teke til i Bergen, der nye generasjonar av språkbrukarar (born) kan ha "reanalysert" norsk etter lågtysk, som dei òg hadde i det nære språkmiljøet omkring seg. Forklaringa av dette er ikkje lett å gripe; eg er freista til å leggje imot henne, men lét vera fordi eg kan hende ikkje har oppfatta saka som det er meint. Ved kommentarar til nokre velkjende punkt i nynorsknorma syner den neste bolcken korleis språknormering tér seg frå generativ synsstad. To avsluttande stutte bolckar legg fram synsmåtar på "Språk og litteratur" og "Språk, politikk og ideologi"; den siste av dei seier noko om den ideologiske og politiske ståstaden til Chomsky.

### Ein merknad om nemningsbruk

Eit par stader ovanfor har eg gjeve døme på noko eg ser på som uheldig ordlegging. Dei kan mogeleg vera til nytte ved ein eventuell framtidig revisjon av boka, om det skulle bli fleire utgåver. Eg vil ikkje gå meir inn på språkføringa i boka. I staden vil eg ta opp ei side av den faglege nemningsbruken, korleis norskskrivande generativistar steller seg til noko som må vera eit problem: Korleis skal ein skrive på norsk i ein vitkapsdisiplin som har grunnlaget sitt i amerikansk engelsk? Lesaren møter ymse nemningar for grammatiske og allmennspråkege omgrep, der den norske tradisjonen er annleis, og det er dessutan ein heil bygning av nemningar for nye og meir eller mindre godt definerte omgrep som

ikkje har vore brukte i norsk språklære før dei siste tiåra.

Det har likevel vore skrive (om) generativ grammatikk ei tid, så JTF trong ikkje finne ut av dette aleine eller som den fyrste. I 1997 kom det ei bok av Tor A. Åfarli med tittelen *Syntaks*, også på Samlaget. Frå 2003 finst det ei innføringsbok i disiplinen med to hovudforfattarar, Tor A. Åfarli og Kristin Eide. Åfarli skriv på nynorsk. Av dei og av denne boka ser ein at engelsk terminologi og engelske avstytte symbol er brukte. Såleis har dei P (etter Phrase) og ikkje F som avstytting for "frase", dei bruker C og ikkje noko anna for *complementizer*, som er det engelske ordet for "subjunksjon", som er framandordet for 'underordnande bindeord'. Men det syner seg at C også står for *constituent* i det viktige omgrepet "C-kommando". For 'samsvar, kongruens' bruker dei AGR, som er avstytt av det engelske *agreement*. For engelsk *complement* bruker JTF likevel "utfylling". Etter som dei vel ser for seg at generativ grammatikk har kome for å bli, også på norsk, og heller ikkje vil bli brukt berre av språkgranskarar, men kjem inn i skulen, burde dei tenkje alvorleg over denne stoda, om dei bør halde fram slik, eller om dei skulle gjera noko for å utvikle ein norsk nemningsbruk. For den som står utanfor, er det ikkje lett å seia kva som kan vera den beste løysinga. Ein stad i boka nemner JTF eit spørsmål brukarane har tenkt over. I note 48 til s. 140 skriv han at "dei fleste freistnader på å finna eit norsk ord for dette [*subjacency*] er mislykka". Seiemåten ber rett nok i seg at ein eller fleire freistnader ikkje er mislukka, og éin vellukka skulle vera nok. Men trass i eller på grunn av desse freistnadene har iallfall Åfarli og Eide vorte ståande ved "subjansens" på norsk. Om det kan ein tenkje slik: Engelsk *subjacency* er eit abstrakt substantiv som svarar til adjektivet *subjacent* 'underliggjande', og dersom *subjacency* er ei dekkjande nemning på engelsk, måtte eit norsk substantiv som "underlag" eller "underliggjjar" gjera betre nytte for seg enn ei ordform som ein for det fyrste ikkje legg noko i, og som for den del like gjerne kunne vera "tullball", "balltull" eller "pannekake". Den minst naudsynte anglosismen hjå JTF er "node"; nemninga er brukt på to sider i boka, men ho er ikkje kommentert. Engelsk *node* tyder 'knote' eller 'kne'. Det har kan hende vore vanskeleg å velja mellom dei to norske omsetjingane; grafisk svarar figuren til eit kne, men etter innhaldet høver vel "knot(e)" best. Åfarli (2003:35f.) har valt "knote" som motsvar til node, og han skriv lettskjøneleg og greitt om kva det står for.

### Bøker som er nemnde:

AGL = Aschehougs og Gyldendals store

norske leksikon. 3. utgåva. I-XVI. Oslo 1995-99.

Apollon. Forskningsmagasin for Universitetet i Oslo.

Brown, Roger. 1973: *A First Language. The Early Stages*. London: Allen & Unwin.

Chomsky, Noam. 1959: Review of *Verbal Behavior* by B.F. Skinner. *Language* 35, 26-58.

Chomsky, Noam. 1957: *Syntactic Structures*. The Hague: Mouton.

Chomsky, Noam. 1965: *Aspects of the Theory of Syntax*. Cambridge, Mass.: MIT Press.

Chomsky, Noam. 1981: *Lectures on Government and Binding. The Pisa Lectures*. Dordrecht: Foris.

Chomsky, Noam. 1993: *A Minimalist Program for Linguistic Theory*. K. Hale og S.J. Keyser (red.): *The View from Building 20*. Cambridge, Mass.: MIT Press.

Chomsky, Noam. 1995: *The Minimalist Program*. Cambridge, Mass.: MIT Press.

Cooper, Jean, Molly Moodley, Joan Reynell. 1978: *Helping Language Development*. Dansk utgåve: *Udvikling af børnesprog ved Inger Vig Nissen og Dora Skovlund*. København 1982: Dansk Psykologisk Forlag

Heggstad, Leiv. 1931: *Norsk grammatikk*. Oslo: Olaf Norli.

Hjelmslev, Louis. 1966. *Omkring sprogteoriens grundlæggelse*. [København]: Akademisk Forlag. Fyrste utgåva 1943.

Lenneberg, E.H. 1967: *Biological Foundations of Language*. New York: John Wiley & Sons.

Lunden. Kåre. 2005: *Halvdan Koht. Språklig samling. Nr 2*.

Nynorskordboka. 1985 og ei nyare utgåve. Oslo.

Pinker, Steven. 1994: *The Language Instinct. How the Mind Creates Language*. New York: W. Morrow and Co.

Platzack, Christer. [1998]: *Svenskans inre grammatikk - det minimalistiska programmet*. Studentlitteratur. Lund.

Platzack, Christer. 2005: *Satser med efterfrågade objekt - ett konkret exempel på en minimalistisk analys*. Språk i tid. Studier tillägnade Mats Thelander på 60-årsdagen. Skrifter utgivna av Institutionen för nordiska språk vid Uppsala Universitet. S. 476-87.

Sivertsen, Eva. [1977]: *Fonologi*. Oslo: Universitetsforlaget.

Söderbergh, Ragnhild. 1979: *Barnets tidiga språkutveckling. Liber Läromedel*. Lund.

Venås, Kjell. 1982: *Mål og miljø*. Oslo: Novus.

Åfarli, Tor A. 1997: *Syntaks*. Oslo: Samlaget.

Åfarli, Tor A. og Kristin Eide. 2003: *Norsk generativ syntaks*. Oslo: Novus.

## På jakt etter det første alfabetet

Av Michal Rachel Suissa

### Innleiing

Den kunnskapen me hev i vår tid um opphavet til skriftsystemi er tufta på dei arkeologiske funni som hev vorte gjorde til dessar, og mykje godt på korleides arkeologar og andre forskarar hev tolka og drive språkstudium. Ser-skilt viktugt er dei materiali som vart nytta til å skriva på. Tekster som er skrivne på stein hev nær sagt uavgrensa livetid. Andre material, som leirtavlor, papyrus, pergament og papir, er derimot svært vare for avskaving og øydelegging. Difor hev me lite kunnskap um desse typane [1-7].

Alt frå tidlege tider var menneske upptekne av å formidla informasjon og gjeva uttrykk for tankane og idéane sine. Difor hadde skrift ein uvurderleg innverknad på saga og framvoksteren åt manneætti. Dei eldste skriftformene me kjenner i dag, er kileskrift og hieroglyfar. Desse vart bruka og stod fram på ulike stader i verdi og er meir enn 5000 år gamle.

Yvergangen til dagsens alfabetiske skriftform skjedde for um lag 3800 år sidan. Alfabetet var ei genial nyovring som gav eit ovstort sprang i framvoksteren åt skriveteknikken. Det var kana'anittane eller dei hebraiske stammane, dei semittiske folki frå Sinai, som gav verdi det alfabetet me hev i dag.

Det fyrste alfabetet vart dimed skredarsydd for dei semittiske måli som for det meste er bygde på ord som hev ei rot på 3 bokstavar. Då græske, og seinare dei ariske måli, tok dette alfabetet i bruk, laut dei leggja til vokalar so dei kunde måta deim til dei måli som ikke er rotbasera. Endå det latinske og græske alfabetet hev gjort framstig gjennom saga, er dei framleides svært like originalen.

Tanken på at so mange ulike kulturar, religionar og mål nyttar skriftsystem som hev same opphav, er eineståande. Kinesarar og japanarar brukar derimot framleides skrifteikn som er tunge og vandslege å meistra. Um kinesisk og japansk skriftspråk kunde ha fenge ei tenlegare skrift, er ikkje godt å segja. Ein ting er openberr, globaliseringi i våre dagar krev stødt lettare kommunikasjonsformer. Difor er det rimeleg å venta seg ei utvikling vidare i denne leidi, som kjem til å vera like spanande som saga åt alfa-



Figur 1: Mesopotamia: Dette kartet viser til det valdet der både hieroglyfar (Egypt), kileskrift (Shina'r) og alfabetet (Sinai) vart oppfunne.

betet slik det hev vore til dessar. Kann henda er tidi mogi for eit tilsvarande "sprang" likt det me upplivde for 3800 år sidan? Det hadde i so fall gjort kommunikasjonen vår med yver 1 milliard menneske lettare og meir yverkomeleg.

### Kommunikasjon millom menneske: Fyre skriftsystemi vart til

Gjennom saga hev menneski, i alle slags heimslutar, funne ulike løysingar for å formidla informasjon. Herodot (484 f.Kr. - 425 f.Kr.) fortel at Dareios (521 f.Kr. - 485 f.Kr.), kongen av Persia, gjekk til åtak på skytarane og kravde at dei sende "jord og vatn" til honom. Skytarane sende honom eit "brev" som var sett i hop av ein fugl, ei mus, ein frosk og fem piler. Tydingi var denne: "Dersom perserne ikke flyr herfra som fugler, eller gjemmer seg under jorden som mus eller hopper ut i myrene som frosk, skal vi meie dere ned med våre skytiske piler" [7].

Alt frå tidi til det paleolittiske mennesket var skrift ei viktug kommunikasjonsform. Fyrst i piktografisk form og seinare ideografisk [8]. Skriftsystemet på den tidi var ikkje systematisera og inneheldt teikningar av dyr, tre, menneske og ulike andre greidor (objekt). Denne måten å formidla informasjon på, opnar for ei lang rad tolkingar og er svært tidkrevjande og lite noggrand.

I Peru bruka Inkafolket so seint som i 1500-1600 e.Kr., ei slags knuteskrift, kalla Quipo. Denne var sett i hop av eit tog med ei rad snorer. Med knutar og fargar skapte dei eit desimalsystem som hjelpte deim med rekneskap og formidling av informasjon. Ein raud knute svara til dømes til ti soldatar,

medan tvo raude knutar stod for 100 soldatar.

I Ethnomathematics, skriv Maria Ascher fylgjande um quipo-skrifti til inkafolket (mi umsetjing):

*"Inkafolket kann karakteriserast som eit metodisk og mykje organisera folk, som var uppteke av detaljar og intenst uppteke av informasjon. Byråkratiet åt inkaene heldt eit kontinuerleg yversyn yver dei valdi dei kontrollera. Dei tok imot mange meldingar og sende mange instruksar kvar einaste dag. Bodskapane inneheldt detaljar um ressursar, slik som tinggreidor som trongst eller var tilgjengelege i lagerhusi, skattar som var pålagde eller samla inn, folketeljingsinformasjon, kor stor skattleggingi av gruvone var eller korleides arbeidsstokken var sett saman. Bodskapen vart yverlevera svært snøgt med eit umfangnande vegsystem og eit einfelt, men effektivt, system av kuréar. Bodskapen laut vera klår, kortfata og mogleg å stykkja upp. Quipo-skrivarane var andsvarlege for å koda og dekode informasjonen"* [9].

Jamvel i dag knyter sume av oss ein knute på fingeren for å minna oss på noko.

Kinesarane bruka òg ei form for "knoteskrift", til dess at skrifteikni som vart utvikla av keisar Fu Hsi (2852-2738 f.Kr.) kom i plassen for henne. Skrifti vart kalla "åtte trigrammar" (eight trigrams). Kinesisk som sovore er eit mål bygt på einstavingsord med eit grunnlag på kring 500 grunnord. Tydingi åt ordet skil seg difor på korleis ord vert uttala (kort, langt, høgt, lågt, etc.) Tufta på dette systemet inneheldt det kinesiske målet på lag 50.000 symbol, men i daglegtale er berre på lag 5.000 i bruk [10].

*Døme: Det kinesiske ordet "LI" kann alt etter uttala tyda anten: katt, fisk, grein, stein, tvinga, vis à vis, etc.*

Det er serhåtten i målet som gjer at det kinesiske skrifteiknsystemet ikkje let seg vidareutvikla til alfabetisk skrift, slik det let seg gjera med dei koptiske (egyptiske) hieroglyfane. Endå formi på dei kinesiske skrifteikni seinare vart både meir einfelde og vidareutvikla, er formi enno i dag eit skriftsystem som inneheldt heile ord, og talet på ord i målet er likt talet på symbol i skrifti.

I Australia bruka aboriginane kjeppar

med symbol til registreringsverktøy og til formidling av informasjon. Urfolket i Nord-Amerika, irokesarane, bruka det ein kallar eit "belteskriftsystem" som vart kalla wampum. Eit slikt belte vart gjeve til William Penn den 15. juli 1682, som ei skriftleg fredsavtale mellom dei kvite okkupantane og urfolket i Amerika (Penn grunnla og gav navn til staten Pennsylvania). Beltet finn ein i dag i muséet til Pennsylvania Historical Society. Dette fredsbeltet inneheld eit bilæte med bogute linor som symboliserer ei pakt, og midt på bilætet er det både eit kvitt menneske med hatt og eit myrkhuda menneske. Desse tvo held einannan i hendene.

Men dei viktugaste milepælane i saga åt skrifti er framvoksteren åt kileskrifti og hieroglyfane, både i Babel, på Kreta og i Egypt, fyre dagsens alfabet vart oppfunne for um lag 3800 år sidan av semittiske folk som truleg var frå valdi kring Sinai.

### Kileskrift-systemet

Suméarane sitt heimland var Shina'ar (norsk: Sinear, seinare kalla Babylon). Dette riket låg mellom elvane Prat (Eufrat) og Hiddekel (Tigris). Kulturen åt Suméarane låg på eit høgt plan, og dei var dei fyrste som skifte året inn i 360 dagar. Kring 3300 f.Kr sette dei opp eit skriftsystem som var sett i hop av kileforma strikar. Frå byrjingi av fungera det systemet som biletskrift. Frå den piktografiske opphavsforni gjekk suméarane eitt stig vidare, og utvikla kring 2500 f.Kr. ei kileskrift som var lettare å skriva på leirtavlor. Skriftsystemet var sett i hop av i alt 300 symbol.

Utviklingi herifrå til eit system med ord og stavingar var relativt lett, sidan målet inneheldt mange einstavingsord, som atter var grunnlag for mange andre ord. Eit døme er det sumeriske ordet "LU" som tyder "mann", og "GAL" som tyder "stor". Sammensett til "LUGAL" tyder desse "konge" (stor mann).

Babylonarane og assyrarane, som okkupera Suméria i umlag 3000 f.Kr., tok sumerisk skrift i bruk i staden for deira eige akkadiske mål. Dette førde deim vidare til Aust-Asia, Persia, Armenia og Litleasia. På den tidi utvikla den sumeriske skrifti seg frå piktogram til kileskrift og vidare til eit skriftsystem med ord og stavingar, men ikkje heilt til eit vokalbasera alfabet. Dette skriftsystemet var mellom anna bruka til å skriva sumerisk, akkadisk, hettittisk og



Figur 2: Phaistos (Faistos) runde skive frå 1800 f.Kr. er ein viktig milepæl i saga åt skrifti, endå ho framleis er uavkoda. Ho vart oppdaga av Luigi Pernier i 1908, i Phaistos, ein oldtidsby på Kreta.

gamalpersisk. I akkadisk vart dette teiknspråket bruka heilt fram til 1400 f.Kr. [11].

### Hieroglyfane

Det egyptiske urfolket, koptarane (koptarane sitt land; ekopt; Egypt, av gresk "aigyptos" (brende andlet), var etter alt å døma den fyrste kulturen som gjekk eitt stig vidare med omsyn til ei meir nogngrand informasjonsformidling, i det ein kallar hieroglyfar; ἱερωγραφία (hieroglyf; ἱερός; heilag og γλῶσσοειδής; glyfein; γλῶσσοειδής; innskrift). Dette skriftsystemet vart bruka frå umlag 3100 f.Kr. til umlag 400 e.Kr. og var sett i hop av kring 700 ulike symbol. Desse representera både det dei var eit bilete på, og stod vel so ofta for ein-skildkonsonantar eller grupper av konsonantar [12].

Frå bilæte som gav uttrykk for ein generell idé eller ei heil setning, vart skrifti stødt gjord meir einfald og raffinera til å uttrykkja einfelde ord, konsonantar eller ein-skildstandande vokalar. Den hiretiske (heilage) skrifti og den demotiske (folkelege) skrifti er båe tvo ulike stadium i framvoksteren åt skriftsystemet i Egypt. Ein aukande trong til å gjera skriftsystemet meir einfelt og tilgjengeleg for folk flest, og dessutan oppdagingi av papyrus, var viktuge drivkrefter i utviklingi åt det egyptiske skriftsystemet.

Skrifti nådde, kor som er, aldri eit reint alfabetstadium, grunna okkupasjonen av Egypt og introduksjonen av det græske alfabetet kring Jesu tid. Dette førde til at det egyptiske skriftsystemet

gjekk i gløymeboki. Takk vere heren hans Napoleon Bonaparte, som mellom anna oppdaga Rosettasteinen der det var tri ulike skriftsystem inngravera; hieroglyfar, demotisk og gresk, vart løyndomen attum skrifti audlagt (Mannen attum dekodningi av hieroglyfane heitte Champolion, 1822).

### Stutt oppsummering

Medan den kinesiske skrifti stagnera som skriftsystem med berre heile ord, gjekk kileskrifti vidare til ei stavingsskrift med ord, medan den egyptiske skrifti nådde eit endå høgare nivå, eit skriftsystem med ord, stavingar og vokalar, men som aldri rakk å verta utvikla til eit ekte alfabet, dette grunna innføringi av græskt mål.

### Utvikling til alfabet

Ei ny og viktug utvikling av skrifti gjekk i tvo stemneleider: Stavskrift og dagsens alfabet. Stavskrifti var mindre utvikla enn den alfabetiske skrifti, og i denne skrifttypen representerar kvart teikn ein vokal eller ei staving og kombinasjonen av desse teikningane resulterer i eitt ord. Japansk er eit døme på ei stavingsskrift som enno er i bruk. Millom oldtidsskrifter er det verdt å nemna pseudohieroglyfisk skrift frå Gval (dagsens Libanon), med 114 teikn, kyprisk skrift med 55 teikn og minoisk (kretisk) skrift. Dei tvo antikvariske kileskriftene, persisk og hemroittisk, utvikla seg vidare heilt mot alfabet fyre utviklingi stogga. Den persiske kileskrifti vart bruka frå 550 f.Kr. til 400 f.Kr., medan den hemroittiske skrifti vart bruka både i Etiopia og Nubia (vår tids Sudan) frå 100 f.Kr. til 400 e.Kr.

Stig III (Figur 5) syner ei utvikling mot ei meir analytisk skrift, med ein sterkare samanheng mellom bilæte og ord. Millom dei fyrste analytiske teiknskriftsystemi var sumerane sitt kileskriftsystem, det akkadiske (babylonarar og assyrarar) og den hetittiske hieroglyfiske skrifti. Yvergangen frå eitt skriftsystem til eit anna var glidande, må vita, og mange skriftsystem inneheld element frå ulike stadium. Eit godt døme på dette er ei fråsegn på gullplator, laga til den persiske kongen Dareios I (ca. 500 f.Kr.). Dei vart skrivne på både oldtidspersisk, akkadisk, elamittisk og aramaisk (Figur 5) [13].

I neste stig vart det teke omsyn til vokalar, og skriftsystemet vart meir fonetisk (det at symboli i skriftbilætet

representerar visse vokalar, (stig IV). Symboli representerar ikkje lenger handfaste ting eller idéar, men ljodar). På denne måten vart det skapt beinveges samband millom skriftmål og talemål. Den fonetiske skrifti kan vera anten syl-labisk (tufta på stavingar) [V] eller alfa-betisk [VI]. Alfabetet er den mest utvikla av skriveformene.

### Alfabetet

Alfabetiskriftsystemet byggjer på det me kallar "det fonemiske prinsippet", kva for eitt vil segja at kvar "ljod" (kvart einskilt fonem) i talespråket svarar til eit fastsett teikn (eit einskilt grafem) i skrift. Dette er det mest utbreidde i verdi i dag. Det er lett å læra og ofta kann det same alfabetet brukast til ei lang rad ulike mål. Skrivemåtar som ikkje er bokstavrette, er eit resultat av at skriftsystemet (grafe-mane) ikkje hev fylgt med endringane i talemålet (fonemane).

Det er hjå Tertullian [14] og seinare Hieronymus [15] at ein fyrst finn umgripet "alfabet". Ordet "alfabet" kjem frå det semittisk-hebraiske namnet på dei fyrste tvo bokstavane, alef [א] og bet [ב]. Det latinske alfabetet held framleis i dag fast ved det upphavlege namnet og formi på bokstavane.

### Det fyrste alfabetet

Det var kring 1500 f.Kr. at det fyrste semittiske alfabetet vart standardisert i si nord-semittiske alfabetiske form. Kven kann det ha vore som bruka all kunnskapen som eksistera i si tid, og førde skriftsystemet frametter i so sterk mun? Det stend framleides utan svar kven som hadde so mykje kunnskap um både kileskrift og hieroglyfar at han kunde utvikla skriftsystemet til eit slikt ufateleg høgdepunkt, 22 symbol som representerar 22 konsonantar i målet.

Det fyrste alfabetet vart truleg oppfunne av semittiske folk i Sinai. Desse folkeslagi tala eit mål som var svært likt hebraisk. Skrifti er av forskarar seinare vorti kalla kana'anittisk, kana'anittisk-hebraisk, hebraisk-kana'anittisk eller fønikisk. Men ein skulde kann henda vurderer å helder kalla det fyrste alfabetet for eberittisk, etter di dette var namnet på folkeslagi som budde i dette valdet for um lag 4000 år sidan.

Dei semittiske måli som vart bruka på den tidi, kan ein grovt sett byta inn i tri undergrupper:

1. Dei austlege måli: Akkadisk, baby-lonsk, assyrisk (kileskrift).

2. De sørlege måli: Etiopisk og arabisk.

3. Dei vestlege måli: Kana'anittisk, med undergruppone hebraisk, fønikisk, moabittisk, amonittisk, ugarittisk og arameisk. Det er frå denne språkgruppa at dagsens alfabet er vorte til.

Den eldste alfabettavla ein kjenner til er frå Egypt og vert kalla Wadi al-Hol-skrifti. Ho vart oppdaga i 1999 av John og Deborah Darnell og er datera til 1800 f.Kr. [16]. Ho inneheld det hebraiske ordet "RAV" (ר א ם) som tyder "rabbinar" og, "EL" (א ל ם) som tyder "gud". Alfabetet inneheld òg nokre fæe hieroglyfar.

Eit anna viktugt funn er dei sokalla proto-sinaitiske tavlone som vart oppdaga i Sinai i 1904 av William Flinders Petrie. Desse er datera til um lag 1500 f.Kr. [17]. Ein akseptera teori er at denne skrifti vart utvikla av eit folk som var slavar i Egypt og rymde ut i Sinai-ørkenen.

Ei viktug tavla vart oppdaga i Gezer med, i Israel i 1908 av Macalister [4]. Gezer-tavla vart skrivi med sokalla "hebraisk - kana'anittisk" skrift ein gong millom 1100 og 1000 f.Kr. Bonden meistra hebraisk og kunde skriva, noko som tyder på at både det hebraiske mål- og skriftsystemet var nokso utbreidt millom jødane på den tidi.

### Vidareutvikling av den alfabetiske skrifti

For um lag 3000 år sidan vart skriftsystemet med sitt alfabet vidareutvikla og kann derfrå grovt rekna bytast inn i fire hovudgreiner frå det proto-kana'anittiske (ebreiske) alfabetet, slik me ser i figur 3. Det kann vidare bytast inn i 4 undergruppor (I-II). Utviklingi av desse fire undergruppone ligg under våre alfabetiske former.

#### I: Den sørlege semittiske greini

Denne greini var avgrensa til valdet kring Sør-Arabia og Afrika. Dette kjem til syne i pre-muslimske skrifter som mineisk, shebaisk og andre. Frå det shebaiske (sabaiske) hev både amharinja (amharisk), tigri, og tegrinja (tigrini) vorte utvikla. Sume av desse er framleides i bruk i Etiopia.

#### II: Den nordlege semittiske greini

Denne greini kann bytast inn i tvo undergrupper av skriftformer: Den arameiske og den kana'anittiske.

##### II-1: Den arameiske greini

Denne greini utvikla seg til ymse slags

skrifttypar i Austen.

1. Det nye hebraiske alfabetet frå 300 f.Kr. kjem frå denne greini. Det var arameiske stammar som okkupera Assyria og Babylonia frå um lag 100 f.Kr. og som introdusera arameisk for dei lokale ibuarane. Jødane som budde der hev med kvart bruka det arameiske alfabetet, dei med, som var svært likt det oldtidshebraiske (sjå kana'anittisk gren). Då jødane vende attende frå Babel til Israel, (i Ezra og Nehemjas tid, 450 f.Kr.) tok dei med seg Torah-rullar (Mosebøkene) skrivne på det arameiske avbrigdet av hebraisk. Det er denne skrifti (kana'anittisk-hebraisk) dei vidareutvikla til dagsens hebraiske alfabet, og som forskarane kallar for det jødiske alfabetet; til skilnad frå dei gamle hebrearane (israelittene) sitt alfabet. Det hebraiske alfabetet hev gjennom soga utvikla seg og jamnast vorte raffinera gjennom aukande bruk og turfter (grunna jødedomen). Formi åt bokstavane vart stødt betra med tanke på snøggare skrivning frå høgre til vinstre.

2. Det indiske alfabetet kan bytast inn i fire hovudgrupper alt frå kring 600 f.Kr.: 1) Det old-brahmanske alfabetet, som var i bruk fram til 400 f.Kr.; 2) Den nord-indiske skrifti med sju undertypar, der den viktigaste var gopte, som var i bruk frå 400 - 1400 e.Kr. Sanskrit hev seinare utvikla seg fra gopte; 3) Dei moderne nordlege indiske skriftformene som vart bruka frå 1400 f.Kr.: bengai, uria, bihari, og dessutan ei lang rad andre; Den fjerde gruppa er dei sudlege skriftsystemi som vart bruka frå 1400 e.Kr., og nokre av desse er framleides i bruk i moderne drawide-språk. Med buddhismen nådde det indiske alfabetet til Aust-Asia med: Kambodsja, Vietnam, Thailand og visse kantar av Kina.

3. Arabarane var millom dei siste folkeslagi i regionen som kom på bana når det gjeld dagleg bruk av skrift. Dei tok i bruk det nabateiske alfabetet so seint som 400-700 e.Kr. Grunna islamske landvinningar vart skrifti spreidd frå Arabia til Assyria, Persia, det ottomanske riket og Asia. På 300 år vart skrifti måta etter det arabiske språket, og kring 700 e.Kr. fanst det tvo rådande arabiske alfabet: Kofisk og knashchisk, som er dei mest bruka i dag. Arabarane tok òg i bruk det indiske talsystemet, som vart utvikla av hinduane umlag 400 f.Kr., og inkludera

talet 0 (null). Araberne oppdaga desse tali i Persia og innførde deim i alle dei okkupera valdi. Difor vart dei kalla for "arabiske tal", jamvel um arabarane sjølve kallar deim for indiske tal (arqam hindiyyah), og det er ei noggrand nemning.

## II-2: Den Kana'anitiske (eberit-tiske) greini

Som me ser i figur 5 er det to hovudundergrupper: Oldtidshebraisk og oldtidsgræsk som etter forskarane stammar frå fønikisk. Det er denne greini som stend for dagsens europeiske skriftformer.

### Oldtidshebraisk

Dei fyrste hebraiske og sidonittiske (fønikiske) alfabeti er sers like. Samaritanarane brukar i dag framleides det oldtidshebraiske alfabetet. Jødane gjekk derimot yver til det aramaiske alfabetet og utvikla det vidare til dagsens hebraiske alfabet.

### Fønikisk

Alfabetet liknar mykje på oldtidshebraisk. Fønikarane, som var handelsfolk, introdusera det for grækarane som tok det med seg til Europa.

### Det koptiske skriftsystemet

Dette er det einaste ikkje-europeiske skriftsystemet som hev utvikla seg frå det græske alfabet i Afrika. Det inneheld 32 bokstavar, der fem er henta frå det græske alfabet og sju frå demotisk skrift. Den mesapiske og den etruskiske skrifti er dei eldste græske alfabeti. Mesapi vart bruka i det mesapiske språket, som vart bruka langs Adriaterhavet, men det er utdøyd no. Det ekte gotiske skriftsystemet (hev ikkje noko med det som i dag vert kalla gotisk skrift) vart teke i bruk av Ulafileas. Det inneheldt 27 bokstavar, og 20 vart tekne frå det storgræske alfabetet, fem frå det latinske og tvo frå oldruneskriftsystemet.

### Den græske greini: Dagsens europeiske alfabet

Grækarane fekk alfabetet frå fønikarane (um alfabetet var likt det hebraiske). Grækarane utvikla alfabetet vidare og måta det etter sitt språk. Til liks med det semittiske alfabetet vart græsk òg til å byrja med skrive fra høgre mot vinstre. Seinare vart det skrive strake vegen frå høgre til vinstre og frå vinstre til høgre på neste lina. (Denne metoden kallar ein



Figur 3: Dareios' tavle: Ei fråsegn på gullplator, laga til den persiske kongen Dareios I. Ho vart skrivi på både oldpersisk, akkadisk, elamittisk og aramaisk (500 f.Kr.).

"pløggje-med-uksar-metoden"). Fyrst etter 600 f.Kr. vart skrifti gjord um til vinstre-høgre-alfabet, slik det framleides er. Dette var grunnen til at grækarane laut spegelvenda mange av dei opphavlege teikni. Snur ein dei græske bokstavane attende, kjenner ein att det gamalfønikisk-hebraiske alfabetet. Tek me til dømes den hebraiske bokstaven *beit*, ב, ser ein at bokstaven er skred-darsydd for høgre-til-vinstre-skrift. Då grækarane byrja å skriva frå vinstre til høgre, vart dei nøydd til å snu bokstaven 180° vertikalt. Men sjølv det var ikkje nok og bokstaven laut vidareutviklast for å kunna skrivast kjappare. Difor var den øvste og den nedste parten av bokstaven kopla til dagsens B. Snur ein den sinaitiske alef horisontalt, fær ein dagsens A, slik me ser i figur 4.

I utviklingi av det græske alfabetet vart det òg teke serskilde omsyn til kyn. Dei klassiske bokstavane (unciali) er framleides i bruk på prent, men den daglege skrifti er dei kursive bokstavane, som er lettare og snøggare å skriva. Dei småe bokstavane (minuskoli) vart tekne i bruk fyrst frå 800 e.Kr. og vart dinæst utvikla til teikni i det alfabetet me hev i dag.

### Den latinske greini

Det etruskiske alfabetet (1000 f.Kr.) vart oppdaga på Marsiliana-tavla frå 800 f.Kr., og er det eldste dømet me hev på europeisk skrift. Endå det etruskiske målet enno ikkje er uttyda, er det ikkje vandt å lesa, av di skrifti liknar svært på koiné-græsk. Skrifti vart skrivi frå høgre mot vinstre, men det vart òg funne nokre tavlor som var skrivne etter "pløggje-med-uksar-metoden". Det latinske alfabetet er det viktugaste skriftsystemet som hev utvikla seg frå det etruskiske alfabetet. Mange italienske alfabettypar hev òg

opphav i det.

Frå kring 700 f.Kr. utvikla det latinske målet seg frå den etruskiske skrifti, og ikkje beinveges frå den græske skrifti som det tidlegare hev vore hævda. Dette alfabetet hev stort verde i den europeiske sivilisasjonssoga. Den tidlegaste skrifti som vart funni er frå um lag 700 f.Kr., - på ein gull-lykkel, og er skrivi frå høgre til vinstre. Frå um lag 600 f.Kr. hev me òg nokre tavlor som er skrivne etter "pløggje-med-uksar-metoden". Men det er fyrst etter 100 f.Kr., etter okkupasjonen av Hellas, at det latinske alfabetet hev vorte til eit elegant og harmonisk alfabet.

### Det romersk-latinske alfabetet

Dette alfabetet inneheld 21 av dei 26 etruskiske bokstavane. Dei tri græske bokstavane theta, [Θ] fi [Φ] og chi [↓], vart nytta til tal.

TAL	UTVIKLING
50	↓ → ⊥ → L
100	Θ → ε → C
500	D
1000	Φ → M

Frå dei tri etruskiske s-bokstavane tok ein berre sigma (Σ, σ). X vart lagd til som siste bokstav i alfabetet for konsonanten ks. På denne måten vart det semittisk-græsk-etruskiske alfabetet minimalt brigda til dess at det stod fram som det latinske alfabetet. Bokstaven G vart utvikla frå C og bokstavane Y og Z vart lagde til alfabetet um lag 100 f.Kr., etter okkupasjonen av Hellas. Seinare vart bokstavane berre brigda i den ytre formi for å måta deim til lesing og skrivning på dei material som vart bruka til å skriva på.

Frå fyrst av fanst det berre eitt slag latinske bokstavar, den momentale eller "kapitale". Dei var vane og balansera same kva storleik dei vart nytta i, men dei var tidheftande når ein skulde skriva. Hovudsakleg vart dei skrivne på stein med hamar og meisel. Den kursive skrifti vart med kvart utvikla til skrivning på voks, papyrus og pergament. Det var for skuld skriveverktøyet at skrifti miste den vinkelrette formi si, og det var skrivematerialet (papiret) som gjorde det mogleg å runda av formene.

Innanfor Romarriket bruka ein ymse slag skrift. Elegante, store bokstavar (kapitale), uraffinera kapitalbokstavar til dagleg bruk, kursiv med småe bokstavar,

halvkursiv med små bokstavar, halvkursiv lapidarisk (steinvorne) og halvunsiask skrift, men òg ei blanding av desse skriftslagi.

Då Romarriket vart oppløyst, byrja skriftene med kvart å få ein nasjonal vokster. Alfabetet vart måta etter ulike mål, millom anna vietnamesisk. På byrjingi av 1900-talet vart dette alfabetet teke offisielt i bruk i landet og kom i plassen for den kinesiske skrivemåten, som var vorten bruka fram til då. I Tyrkia bytte ein ut det arabiske alfabetet med det latinske i 1928. I baa tilfelle vart det lagt til serlege vokalteikn som skilde seg på måli. Eit titals afrikanske språk vart introdusera for det latinske alfabetet av europeiske misjonærar.

### Slavoniske alfabet


Dei slavoniske alfabeti vart tekne i bruk rundt 900 e.Kr. Kyrillisk og glagoliansk var betre eigna til å skriva dei slavoniske måli enn det store græske alfabetet som vart introdusera av den græsk-ortodokse kyrkja som innførde kristendommen i dette valdet. Brørne Kiril og Methodius tok utgangspunkt i det storgræske alfabetet, men la òg til bokstavar frå det upphavlege semittiske alfabetet for dei vokalanene som ikkje fanst i græsk. Det russiske skriftsystemet er eit avbrigde av det upphavlege kyrilliske alfabetet.

Glagoliansk er basera på små bokstavar frå gresk (minuskola) saman med nokre ekstra bokstavar frå andre alfabet. Dei fyrste slavoniske kyrkjone bruka dette skriftsystemet i dei heilage skriftene sine i perioden 900-1440 e.Kr., og det vart deretter framleis bruka i den kvadratiske formi heilt fram til vår tid. Etter den germansk-italienske okkupasjon vart dette alfabetet forbode. Dei lokale albanske alfabeti er grunnlagde på både det græske og det latinske alfabetet, og vart offisielt godteke i 1908.

### Avsluttande tankar: Utvikla Moses det fyrste alfabetet?

Skildringane i Bibelen hev på etter måten mange punkt synt seg å vera noggrande historisk sett, det gjer at Bibelen er ei viktig historisk kjelda for arkeologar og historikarar. Dersom ein tek utgangspunkt i Bibelen so burde det vera eit viktugt poeng at Mose' historie høver utruleg godt saman med dei tvo eldste alfabeti som er oppdaga til dessar, det er Wadi al-Hol og dei proto-sinaitiske-tavlone.

Wadi al-Hol-skriftet er tidfest til den tidi då Abraham, stamfar til hebrearane,



Figur 4: Dagens bokstavar er nokso like det fyrste alfabetet. Ved å snu dagsens bokstav A på hovudet (vertikalt), kann ein sjå kor lik han er den upphavlege sinaitiske bokstaven.

forlét Ur i Kaldea og etter eit upphelde i Be'er-Sheba, kom til Egypt. Han kom frå eit vald der den sumeriske kulturen hadde stor innverknad. Kann henda tok Abraham med seg kunnskapen um kileskrift til Egypt, der etterkomarane hans seinare var slavar i um lag 400 år? Um hebrearane (israelittane) og andre folkeslag som var slavar i Egypt hev påverka utviklingi av det hieroglyfiske skriftsystemet, eller utviklingi av Wadi al-Hol-skrifti eller den proto-sinaitiske skrifti, veit me inkje um. Med mindre det i framtidi vert funne tavlor som kastar nytt ljøs yver dette, kann me berre gissa.

Mange tilhøve som gjeld Moses gjev grunnlag for å gjera honom til ein lyk-jelperson i dei fyrste utviklingsstigi åt alfabetet. Moses voks upp som ein part av kongefamilien. Det gav honom truleg den beste opplæringi på den tidi og tilgangen til mange skrifter. Som éin av diplomatane hans Faraο meistra han både hieroglyfisk skrift og kileskrift. Det var naudsynt for å kunna vera med i den internasjonale kommunikasjonen den gongen. Då Moses vart send til Midjan (2Mos. 3:1), hadde han, som den lærde mannen han var, både høve og tid til å setja seg inn i desse alfabeti, og jamførde deim med hieroglyfisk skrift og kileskrift. Soleides kann det mykje vel ha vore han som grunnlagde det nord-semittiske alfabetet, og som difor er far til det moderne alfabetet.

Då Moses kom ned (2Mos. 31:18) frå fjellet med bodtavlane, var desse truleg skrivne på den måten som var mest utbreidd millom jødane, det nord-semittiske teiknspråket.

Utan umsyn til denne teorien (som vert avslutta her), eller den godtekte teorien um at hebrearane fekk skrifti frå Kana'anittene, er det sers sannsynleg at det var hebrearane som introdusera skriftsystemet for sidonarane (fønikarane) - som var eit handelsreisande folk - og ikkje umvendt, slik sume forskarar hævdar. Gezer-tavla, som indikerar at skrivekunnskap var utbreidd millom

hebrearane, og det faktum at religionen åt jødane krev at alle laut vera lese- og skrivekunnige, gjev umveges studnad til desse tankane.

### Notar

1. David Sacks: Letter Perfect; "The Marvelous History of our Alphabet from A to Z", Broadway Books, 2004.
2. Joseph Naveh, "Early History of the Alphabet", The Magnes press, The Hebrew University of Jerusalem, 1997.
3. R.A.S. Macalister; "Century of Excavation in Palestine", New York, Fleming H. Revell Company, 1925, 8 volumes.
4. M Shalom.; Dever G. William and Paul, ed., "Biblical Archeology, New York: Quadrangle / New York book C., 1973.
5. David Hopkins C., "Life on the land. The Subsistence Struggles of Early Israel", Biblical Archeologist, Vol 50, p. 187, 1987.
6. J. Maxwell Miller, "The Old Testament and the Historian", Philadelphia: Fortress Press, 1976.
7. Avraham Eben Shoshan, "Språk og skrift", S. Jak et all. publishers, (Hebrew) 1961.
8. Piktogram: Av latinsk, pictura; bilæte: Symbol som representerar eit objekt eller eit konsept der illustrasjonar vert bruka for å gjeva att ljodar og/eller idéar. Dette er grunnlaget for kileskrifti og hieroglyfar. Piktogram vart bruka i mange oldtidskulturar, i millom anna Alpane, Asia, Egypt, Midt-Austen og Kina alt i 5 000 f.Kr. og er framleides i bruk i vår tid. Ideogram: Frå græsk: Idea, "idé" + grafo; "å skriva". Grafiske symbol som vert bruka i staden for fonetiske symbol for ord eller luter av ord. Vart bruka av suméarane i oldtidi, men òg av babylonarane, assyrarane, hetittane, egyptarane, kinesarane, og so burtetter. Egyptiske hieroglyfar og sumerisk kileskrift hev utvikla seg frå ideografi. Logografi: Eit einskiltstående symbol som svarar til eit ord eller ein morf/ eit morfem.




Fig 5: Dei aller fleste alfabetformer som er i bruk i dag, stammer frå det kana'anittiske alfabetet.



9. Maria Ascher, "Ethnomathematics; a Multicultural View of Mathematical Ideas", 1991.  
 10. S. Robert Ramsey, "The Languages of China", Princeton University Press, Princeton NJ, 1987.  
 11. Hooker, J. T. (introduced by), "Reading the Past: Ancient Writing from Cuneiform to the Alphabet", University of California Press, Berkeley and Los Angeles, 1990.  
 12. John S. Justeson, and Kaufman, Terence, "A Decipherment of Epi-Olmec Hieroglyphic Writing", Science, vol 259,

1993.  
 13. Behistun-inskripsjon; oppklåra av Sir Henry Creswicke Rawlinson, (11.4.1810 - 5.3.1895).  
 14. Tertullian, Quintus Septimus Florens; kyrkjefader (ca. 155-230 e.Kr.), i oldkyrkja. Fødd i Kartago, dagsens Tunisia, der han livde og verka.  
 15. Hieronymus, Eusebius Sophronius (ca. 340 til 30. 9.420 e.Kr.), best kjend for umsetjingi si av Bibelen frå græsk (LXX) og hebraisk til latin, kalla Vulgata, framleides offisiell tekst for den romersk-katolske kyrkja.

16. John Darnell, <http://www.yale.edu/opa/v28.n16/story4.html>  
 17. Sir William Matthew Flinders: 1853 - 1942, engelsk egyptolog og pionéren bak utviklingi av systematisk metodologi innan arkeologisk forskning, se Drower, Margaret S. og Flinders Petrie, "A Life in Archaeology", University of Wisconsin Press, 1995.

*Rachel Suissa er fyrsteamanuensis i lækjemiddellkjemi ved Høgskulen i Oslo og redaktør for tidskriftet NIS-info.*

## Hamás - den islamske motstandsørsla

Av Lars-Toralf Storstrand

Terroristorganisasjonen Hamás hev i det seinaste vore mykje i mediebilætet. Kann henda ikkje minst grunna "valskrida" i dei palestinske sjølvstyrevaldi. I dette stykket skal me sjå nøgnare på kva organisasjonen Hamas er, strukturelt, historisk og programmatisk.

Organisasjonen som nordmenn flest kjenner som Hamás (uttale: Hæmæs), hev i røyndi eit langt meir utfyllande namn. Men dette kjem sjeldsynt fram i vestleg presse. Det opphavlege namnet på organisasjonen "Harakat Al-Muqawama Al-Islamia", tyder rett umsett "den islamske motstandsørsla", samstundes som det er eit ordspel på dei arabiske ordi for "motig" - og "hardfør".

Hamás er ein radikal arabisk ekstremistorganisasjon som vart skipa stutt tid fyre den palestina-arabiske intifadaen, og hev havt serskilt Gaza, men seinare Judea og Samaria med, som sitt operasjonsvald. Hamás hev spela ei viktug rolla i den ekstremistiske brydingi av terrorisme mot både israelarar og arabarar, og hev egne "sjokktroppar". Dette er avleidd frå det arabiske namnet "Al-Suad Al-Ramaya" som tyder "kastearm".

Hamás er kjend for å ha radikale islamske motiv - både for å utvida talet på terroristar og for å styrkja seg sjølv som eit våpen mot deim dei kaller fiendar. I vigslingstidi vart organisasjonen hovudsakleg leidd av høgtstående personar i "den muslimske brorskapen".

### Historikk

Fyre intifadaen braut ut på 1980-talet, var den religiøs-sosiale rørsla "Al-Majama Al-Islami" ei viktug kjelda til nyvinningi

av "soldatar" til Hamás si terrorverksemd. Mange av seniorlemene i "Al-Majama" stod i samband med intifadaen fram som hovudleidarar i Hamás. Det kunde vera i alt frå undergrunnsverksemd, der ein terrorisera og øyde sivile mål vel so mykje som militære, til opne folkemøte. Med eldande talor og bódskap børe fram i moskéar, kveikte terroristane ein eld millom palestina-arabarane, ein eld som framleides brenn. Hamás er dessutan òg kjend under ei rad andre namn, men desse vert for det meste nytta for å dekkja undergrunnsterroren innan sjølve dei administrera valdi. Tvo av desse namni er "Al-Tiar Al-Islami" som tyder "Islams elv" og "Al-Athja Al-Islami" som tyder "Det islamske straumdraget".

### Fotfeste

Medan intifadaen stod på, fekk Hamás fotfeste, og dei byrja å utvida aktivitetane på mange ulike umkverve. Dei definera fyremålet sitt som Jihad (heilag krig) for å "frigjera Palestina" og gjera det til eit muslimsk lydrike "frå Midhavet til Jordan-elvi". Terroråtak og mord på arabiske "kollaboratørar" gav deim stødt fleire tilhengjarar millom palestina-arabarane. Dimed lagde dei grunnen for ein vokster som mest ikkje vart hemja av noko og ein stødt sterkare innverknad i intifadaen. På grunnlag av dette vart Hamás merkt som ein ulogleg samskipnad i Israel, i september 1989.

I dag er Hamás ein av dei sterkaste fylkingane i territoria, attåt Fatah [PLO-fraksjonen hans Arafat]. Makti deira spreider seg i alle bransjar og luter av dagleglivet, og nærer opp under mange ekstremistiske element.

Sidan 1992 vart Hamás rekna som nummer tvo - jamvel når det galdt terror. Dei vart einast slegne av Fatah (arabisk konstruert ord, hataf, brå daud, lese baklenges).

### Ideologi og mål

Den grunnleggjande ideologien attum Hamás er bygd på hovudstraumdraget i den muslimske brorskapen. I skriftet "Islams pakt" som Hamás sjølve gav ut i 1988, definerar dei seg sjølve som "den palestinske greini av den muslimske brorskapen". Dette endå den muslimske brorskapen prioriterar heilt onnorleides enn Hamás. Brorskapen ser på Jihad som ei prinsipiell plikt, medan Hamás reknar Jihad som einaste boterådet som fungerer i "striden for Palestina".

I eit 9000 ords langt dokument frå 1988 refererar Hamas eksplisitt til "Sions vises protokoller", eit skrift som dei meiner gjev dokumentasjon på "den zionistiske planen" um jødisk verdsherredøme. "Zionistane" vert jamvel skulda for å ha stade attum den franske og den russiske revolusjonen. Men i motsetnad til PLO, som offisielt skil millom jødedom og sionisme, talar Hamas ende fram um "kampen mot jødane". Millom anna siterar dei ein Hadith der "profeten" Muhammed skal ha sagt fylgjande:

*"Domens dag kjem ikkje fyre muslimar nedkjempar og drep jødane. Då skal jøden gøyma seg attum stein og tre. Men steinen og treet skal segja: O muslim, O Abdullah, det er ein jøde som gøymer seg attum meg. Kom og drep honom!"*

Den endelege målsetnaden for Hamás er skipingi av ein islamsk stat i heile "Palestina" (les: Heile Israel). Måten å nå dette målet på er å trappa opp

intifadaen stødt meir, ikkje berre for palestina-arabiske muslimar, men i heile den islamske verdi.

### Hamás-strukturen

Hamás-strukturen i dei administrera valdi er bygd på ein kombinasjon av regional og funksjonell organisering. I dette rådeverket finn me etter måten mange identiske, parallelle operasjonar i kvar region.

*Infrastruktur:* "Dawa", som tek seg av rekruttering, spreiding av midlar og som gjer avtalar.

*Vald:* Initiating av vald innanfor intifadaen.

*Tryggleik:* "Aman", samling av informasjon om personar som vert vurdert som moglege kollaboratørar med Israel. Denne informasjonen vert levera vidare til "sjokkgruppane" som tek seg av avhøyr og dråp på dei mistenkte.

*Publikasjonar:* "A-'Alam", tek seg av pamflettar, propaganda og pressemeldingar (og dessutan telefonar um kven som tek på seg andsvaret for konkrete terrorhandlingar).

Hamás freistar å setja skil mellom den undergrunnsaktiviteten sume grupperingar innan organisasjonen held på med, og det som ligg uppe i dagen. Årsaki til dette er Hamás sitt ynske om løyding, og til det nyttar dei umgripet "Dawa" som tyder "seremonialisering". Dette er ogso, som me såg ovanfor, namnet på den luten av Hamás som arbeider med nyrekruttering, spreiding av økonomiske midlar og som gjer avtalar. Faktum er at det er mykje yverlappende verksemd mellom dei tvo.

Ein framstående Hamás-leidar, Mahmud Ruhmi, som vart arrestera i 1993, definerer "Dawa" som eit verkeråd til å institusjonalisera og organisera Hamás innanfor moskéar og muslimske grannelag. Hamás er med andre ord ein sers samansett organisasjon.

### Leidarane

Sheik Ahmed Jassin var leidar for Hamás til han vart arrestera i mai 1989. Fram til då var han den som var ansvarleg for det meste av organisasjonen sine handlingar. Han organisera produksjon av pamflettar, stod for økonomiarbeidet, samarbeidde med andre ekstremistiske islamske fylkingar og yvervaka terroristaktiviteten.

Under Jassin var det sett opp eit breidt organisatorisk nettverk, som femnde um ulike funksjonar og lokale lei-



*Militante Hamas-aktivistar under eit upptog i Gaza.*

darar, som stod attum både politikk og terror.

Etter at Jassin og andre Hamás-leidarar vart arrestera i Gaza, vart leiderskapen i "valdi" sterkt veikt. Dei vart dinæst bytte ut med ei sterk leiding av framstående arabarar, som identifisera seg med rørsla sitt mål. Dei fokusera fyrst og mest på politikk, propaganda, infrastruktur og samarbeid med andre ekstremistiske organisasjonar. Alt dette medan dei kjempa mot palestina-arabiske nasjonalistar som arbeidde på det politiske umkvervet (som til dømes fagrørslor).

I seinare år hev Israel på verksamt vis greidt å drepa etter måten mange av dei sentrale leidarane i rørsla. Jassin, som vart sett fri frå israelsk fengsel i 1997, døydde då bilen han sat i vart råka av ein israelsk rakett i mars 2004.

Framstående religiøse leidarar identifiserar seg tidt oftare med Hamás - og for få år sidan vart organisasjonen "Rabat Alma Falestin" som tyder "Forbundet for religiøse leidarar i Palestina" tilslutta Hamás. Samstundes som nyhendendingar syner intervju med leidarar innan Hamás-rørsla, er det like fullt viktugt å bita seg merke i at dei fleste leidarane bur i eksil, anten i andre arabiske land (og då fyrst og fremst Jordan) og i Vesten (USA, England, osv.) Hamás hev òg knytt stødt sterkare band til Iran.

### Økonomi

Hamás hev sterk finansiell studnad. Dette er ogso årsaki til, hævdar rivalane deira, at dei er so sterke som dei er. Hamás fær økonomisk studnad frå uoffisielle kjeldor i Saudi Arabia og Gulf-statane, umframt Iran. Ein reknar med at mange titals millionar dollar kvart år når fram til Hamás i dei administrera valdi.

Iran åleine yter 35-40 millionar kronor, og attåt det reknar ein med at Hamas fær yverført minst 10-15 millionar kronor frå Saudi-Arabia og andre Gulf-land. Attåt dette kjem studnad frå Hamás i USA. Opplysningane hev vorte stadfeste av ulike njosnarkjeldor (etterrettingskjeldor).

Hamásleidaren Abu Marzouk hev ved mange høve teke med seg summar på kring ein million dollar frå USA, der han for nokre år sidan vart arrestera. Det meste av midlane vert vidareført til lokale Hamás-fylkingar gjennom pengevekslarar og sjekkar som er utskrivne av organisasjonar i utlandet eller sende beinveges gjennom pengeyverføringar frå utlandet. Serskilt gjeld dette store amerikanske, engelske og tyske bankar.

### Sjølvestyreplassen

Offisielt tek Hamás fullt og heilt fråstand frå den sokalla sjølvestyreplassen, av di denne inneber at arabarar er nøyde til å gjeva slepp på "islamsk land". Hamás er difor eit viktugt element i koalitionen av dei som er motstandarar av plassen, ein koalisjon som vart skipa fyre Madrid-konferansen i 1992. Hamás hev i seinare tid vakse fram til å verta det fremste talerøyet mot sjølvestyreplassen, men det hev òg vore lagt fram påstand um at sjølve PLO-leidaren Jassir Arafat hadde eit grip um kontrollen av Hamás, og at han nytta Hamas til å pressa Israel endå lengre. Frå ein ståstad kan det sjå ut som om dette hev havt noko fyre seg - sidan Hamás hev vorte endå meir ovbråe etter at Arafat døydde. Kor som er vert dette påstandet like fullt avvist frå andre hald - og kalla lausmæle.

### Hamás-militarismen

Militært sèt er Hamás bygt opp av tvo

fylkingar: Al-Majhadoun Al-Fales-tinioun (Dei heilage krigarane i Palestina) og Jehaz Aman (Tryggjingsdeildi). Fyrstnemnde er det "militære apparatet" som tek seg av terrorhandlingane - serskilt gjeld slike åtak israelske mål. Jehaz Aman tek seg av den militære njosningi (etterretningi).

Grunnlaget for det militære apparatet vart lagt i 1982 av Sheik Ahmed Jassin, saman med eit fleirtal av terroristar frå Al-Majama. Dei lagde òg grunnen for den kampen Hamás' fører mot ulike palestina-arabiske rivalar. Då verksemdti vart nækt i 1984, vart Jassin dømd til 13 års fengsel, men vart sleppt ut stutt tid etter, som ein lekk i den sokalla "Jibril-utvekslingi" (mai 1985).

Problemet var at etter å ha vorten frisleppt, heldt den blinde rullestolbrukaren Jassin fram arbeidet med å byggja upp eit militært apparat.

Frå byrjingi av heitte det at dei skulde kjempa mot "kjettarar" og kollaboratørar, i tråd med programfråsegnen åt den muslimske brorskapen. Det han ikkje sagde var at han samstundes lagde grunnen for ein militær infrastruktur, og sytte for å lagra våpen for ein framtidig krig mot Israel. Mange personar vart rekruttera til å ofra seg sjølve i kampen mot Israel.

Etter at intifadaen braut ut, sytte Hamás sitt militære apparat for mange terroråtak, millom anna skotvekslingar og bombesprengingar, dei fleste av desse i nørdrø Gaza. Klimaks i desse handlingane vart nått då dei i februar 1989 kidnappa og myrda den israelske soldaten Avi Saspertas og i mai same år kidnappa og myrda ein annan soldat, Ilan Sagde'adon.

Jehaz Aman-fylkingen vart



*Bilæte frigjort av Hamas i 2004. Sjølvsmordsterroristen Reem Raiyshi og den tri år gamle sonen hennar, Obida. Raiyshi sprengde seg sjølv i lufti ved grensenyvergangen millom Israel og Gaza-stripa den 14. januar 2004.*

skipa tidleg i 1986 av Sheik Jassin saman med tvo av medarbeidarane hans, som var aktive i "Al-Majama". Mot slutten av 1986 og i byrjingi av 1987 byrja Jassin arbeidet med å setja saman troppar under tittelen "MAJD", ei gruppa som hadde som fyremål å drepa "vantru" og "kollaboratørar".

Slik heldt det fram til dess Intifadaen braut ut, og "MAJD"-grupponen vart ein part av "Al-Majhadoun"-netverket.

### Store brigde

Etter at intifadaen braut ut, kom det til store brigde i Hamás sitt militære apparat. Det viktugaste brigdet vert kalla "Iz Al-Din Al-Kassam"-troppane som sidan 1. januar 1992 hev vore andsvarlege for dei mest ålvorlege åtaki mot Israel. Mange av desse "troppane" vart sette i

hop av etterlyste individ frå Gaza. Seinare på året byrja sume av grupponen å utvida arbeidet jamvel til Judea og Samaria, medan dei rekruttera palestina-arabarar frå Judea og Samaria til å driva terror innan "den grønne lina" (våpenkvilelina frå 1949). Mange av lemene i desse troppane hev vorte arrestera eller drepne og mange hev flydd til Egypt. Idag finst det eit dusintals Hamás-operativ i dei administrera valdi, og dei fleste av desse høyrer til "Iz Al-Din Al-Kassam"-troppane.

### Framtidsvyer

I desse seinaste dagane ser me at Hamás hev vunne det fyrste valet i dei palestinske sjølvstyrevaldi på yver ti år. Dei fyrste åtte av desse sat Jassir Arafat som president. Endå han berre var vald for eit fåtal av dei, neitta han å lysa ut nyval. Det hev vore spekulera

på um gamlingen sjølv var redd for at Hamás var byrja verta eit problem for honom, og glad i makt som han var, gjorde han alt han kunde for å halda på denne.

Kor som er, med Arafat daud og gravlagd, og Hamás som sigrande "politisk" parti og maktfraksjon innan dei palestinske sjølvstyrevaldi, gjeng me spanande tider i møte. Spanande for både dei som trur på fred med Hamás, og for dei av oss som trur at Hamás berre hev eitt mål; utslettingi av staten Israel - og alle jødane med. Grunnreglementet til Hamás er um mogeleg meir ov-sterkt enn PLO, det charteret som millom anna Fatah, Tanzim og al-Aqsa-brigadane styd seg til. Til sjuande og sist kokar det heile ned til at den som liver fær sjå.

## “Dikt avlar rosor”

### Karl-Anders Hovden og Jostein Krokvik kommenterar

Det gledde meg å lese "Dikt avlar rosor" i siste nummer av "Målmannen", men det undrar meg at vankunna om nynorsk poesi er så stor at "Målmannen" meiner at diktet er skriva av "ukjend forfattar".

Farfar min, Anders Hovden, skreiv dette diktet 26.april 1922. I ein draum møter han mor si, men fyrst og fremst syster si, Kanutte, som døydde så tidleg. Hennar tragiske liv og lagnad gjorde livsvarig inntrykk på broren, og er tema i debutboka til Anders Hovden: "Laak Lagnad". Kanutte er i sterk grad inspirator og årsak til at Anders Hovden vart diktarprest.

"Dikt avlar rosor" står i diktsamlinga "Haust" 1930, seinare i "Dikt i utval" 1959, og i diktutvalet "Fagert er landet" frå 1994.

*Karl-Anders Hovden*

Det er for meg alltid triveleg å få eit blad på klassisk nynorsk (høgnorsk). So var det med "Målmannen" nr. 3/2005, der me på s. 3 finn Dikt avlar rosor av "ukjend forfattar", les me. Diktet er skriva av diktarpresten Anders Hovden (1860-1943) frå Sunnmøre. Etter di både

diktaren og diktingi hans skulde vera velkjent for meg, bruka eg likevel vanhøveleg lang tid på å heimfesta diktet.

Det fine diktet "Dikt avlar rosor" er med i Hovden-utvalet "Fagert er landet" som kom i 1994. I dette utvalet er fortalt at diktet var fyrst prenta i samlingi "Haust" i 1922 (s. 184). Andre stader, medrekna i boklista i same samlingi, er utgjevingsåret for "Haust" oppført med 1930, og dette er nok det rette.

*Jostein Krokvik*

# B



ISSN-1503-2469

## Nye ord - eit spursmål um liv og sôl

Av Lars-Toralf Storstrand

Eit teljande og viktugt upplegg for at eit mål skal yverliva er naturleg nok ord. Eit mål må ha ei jamn og flødige tilførsle av nye ord, noko me frå eit lingvistisk perspektiv ser i dei fleste mål.


Likevel er det noko anna som ikkje skal gløymast. Norsk målpolitikk, slik han hev vore førd av norske styresmakter dei seinste 150 åri, og kann henda serskilt med Norsk Språknemnd og Norsk Språkråd i mest tvo mannsaldrar, hev lagd seg på ei lina for målet som etter mitt syn fører til dauden for eit mål. Serskilt gjeld dette småe mål, slik som norskt. Kva er det so som er serdraget i denne politikken? Etter mitt syn er det oppnorskingi).

Med det meiner eg ikkje at me skal taka ut or målet dei ordi som hev vorte oppnorska og som innan vår tid hev slege røter i norsk språkjord. Det eg meiner er at me lyt vera puristiske nok til å gjera kva me kann for å finna nyord, i staden for å leggja til fleire oppnorskingar.

For som alt levande hev målet ei sôl. Ein personlegdom, hadde vel sume kome til å sagt, og det er denne personlegdomen som gjev målet livskraft og verkemod.

Kor som er kann me ikkje berre slengja kring oss med nyord. Det segjer seg sjølv at nyord tarv å verta prøva og utmådde, slik at ein ikkje fær mistydingar i ordet. Lat meg gjeva eit døme; høgnorsken er fylt av ord som er fylde med meining. Og med meining meiner eg då semantisk meining som forklarar kva som ligg i ordet. Me kann nemna ord som "samd" / "sams" og "nyhende" som døme på dette.

"Samd" / "sams" forklarar seg sjølv med utgangspunkt i "å vera saman", og spelar på det engelske umgripet "of one accord", som kann forklarast slik: "Dei svalla alle med same røyst"; eller "dei meinte det same".



"Nyhende" tyder beint fram "noko nytt som hev hendt" og difor "treng meldast frå um." Medan bastard-ordet "nyheit" kann henda hev ei leksikalsk tyding, men noko semantisk tyding ... vel, eg veit no ikkje det. Det same gjeld ordet "Einig", som ofte vert nytta i staden for "samd" / "sams".

Eg meiner ikkje då å opna for ei onnor form for sentralstyring enn Språkrådet. Eg er, som antisosialist, motstandar av alle former for yverstyring, og serskilt sentralstyring. Eg trur på fridom, ikkje anarki, men fridom under andsvar. Men at me hev eit rådgjevande organ som ter seg som nett det, rådgjevande, og ikkje driv eit grått eminense-spel i skuggane og styrer språket med mindreverdsjensla og skam yver fridom og politisk ukorrekt framferd.

Me hev eitkvart å læra av talmudianarane her. Det å setja eit spursmål eller eit problem på prøva frå alle tenkjelege vinklingar og nokre utenkjelege med, for å finna fram til dei saklege - og dessutan at ein slær ut det som gjev rot til fårlegt tankegods. Jamvel lyt det førast til grunn at mennesket hev rett til fri vilje og fritt val. Difor skal me lata folk få bruka framandord um dei vil, saman med gode norske ord som me hev spunne. Det handlar um valfridom. Det handlar um tillit til einskindmennesket. Det handlar um vyrndnad.

Difor bør ein ha ein komité som lyt nyast upp att med jamne millomrom, med di ein skifter ut medlemene i komitéen, onnorkvart år - kann henda, for å halda reinleiken ved lag. Medlemene bør koma frå alle yrkesgrupper, og bør koma både frå akademiske og ikkje-akademiske kringvære, endå um ein naturleg nok lyt setja minstekrav til medlemene.

Kann me då nemna nokre gode nyord til sist? Ja, det kann me, og det treng me. Tak til dømes ordet "scanner" som no er mest innarbeidd i det norske målet. Kva skal me kalla det på norsk? Det hev vore ymta fram på um "avlesar" eller "avsøkjar". Det tykkjer eg er eit dårleg ord, i minsto for heimlege utgåvor av dette utstyret.

"Avlesar" høver godt på det slaget som ein brukar for "avlesing" i "identifiserings"-høve. Då vøre det betre med innlesar. Her vil eg kasta inn eit framlegg som eg sjølv tykkjer betre; Det er "lyslesar", og er basera på at ein "lyser" inn eit dokument i datamaskina, som einkvan umtala det for nokre år sidan.

Lat meg halda fram i same faret. Korleides umsetja "OCR" - Optical Character Recognition på norsk? Det rekk ikkje å umsetja det bokstavleg, med optisk karakter-attkjenning, her tarv me innarbeida eit fyrebokstavsord òg, noko som samsvarar med OCR. OBS, kann henda? Optisk Bokstav Sansing? Eller BAS, BokstavAttkjennings System? Hev du eit framlegg, so kom med det. Hev du andre framlegg på andre ord, so kom med dei òg.

Me lyt berre innsjå det. Norsk er ikkje noko godt mål å laga fyrebokstavsord på, men det tyder ikkje at me skal vera like lagnadssjuka som kader-adelen i mållaget hev vorte, og vore den seinaste mannsalderen.

Det er tid for å vera nyskapande. Det er tid for å gjera ein språkuppreist!

*Målmannen er avhengig av folk som skriv høgnorsk. Kom gjerne med stykkje og innlegg til bladet!*

Attende til: Målmannen, Natland stud. by S136, 5081 Bergen

### Sluttordet:

*Dei uimotsagde absurditetane i dag er dei godtekne slagordi i morgon.*

Ayn Rand